



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

# Merknadshefte

**Forslag til vern av Giske marine verneområde**



## Innhold

1	Merknader til høyring.....	3
2	Innspel ved oppstart.....	10
3.	Vedlegg.....	17

# 1 Merknader til høyring

Statsforvaltaren sendte verneforslag for Giske marine verneområde (mvo) på høyring 20.08.2024. Høyringa blei annonsert i aviser, på nett og med brev til grunneigarar og kjende interessentar. Frist for merknader var sett til 31.10.2024. Ope informasjonsmøte vart arrangert i Giske rådhus 17.09.2024. Det kom inn 18 merknader til høyringa.

Innspela er summert opp og kommentert nedanfor. Vi viser til heile merknadene for utdjuping og grunngjeving for dei enkelte punkta. Desse ligg ved bak i heftet.

## **Giske kommune, vedtak 14.11.2024, sak 106/24**

1. Giske kommunestyre meiner Giske marine verneområde er eit viktig område for både naturvern og berekraftig forvaltning av marine ressursar. Med bakgrunn i at det framleis er usikkerheit knytt til dei langsiktige effektane av taretråling på marine økosystem og betydninga av taretråling på bølgedemping, vil Giske kommunestyre legge føre-var-prinsippet til grunn og forby taretråling innafor Giske marine verneområde.
2. Giske kommune anbefalar Statsforvaltaren å utvide vernesona for Giske marine verneområde slik at denne inkluderer sjøareala utanfor Alnes. Dette for at området samsvarer med avgrensinga for Alnes i Utvalde kulturlandskap i jordbruket og Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i Møre og Romsdal.

### *Statsforvaltaren si vurdering*

1. *Statsforvaltaren har ikkje lagt vekt på mogleg bølgedempande verknad av tareskog når vi har vurdert behovet for sone med forbod mot tarehausting. Vi er elles samd i at heile området ideelt sett burde vore fritt for taretråling.*
2. *Statsforvaltaren har lagt avgrensinga foreslått av rådgjevande utval til grunn for verneforslaget. Denne tar utgangspunkt i dei særleine naturkvalitetane grunntvassområda ved Giske, Valderøya og Vigra representerer. Kulturverdiar er ikkje mellom vernekriteria for marine verneområde i § 39 i naturmangfaldlova.*

## **Haram kommune, uttale 21.10.2024**

1. Ingen merknader.

## **Møre og Romsdal fylkeskommune, vedtak 28.10.2024, sak 148/24**

1. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til forslaget til vern i Giske marine verneområde.
2. Anbefalar Statsforvaltaren å utvide verneområdet slik at det samsvarer med avgrensinga for Alnes i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i Møre og Romsdal.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer alternativ 2 til å vere den beste avgrensinga av verneområde (kva gjeld restriksjonssone for taretråling).


### *Statsforvaltaren si vurdering*

1. *Tatt til vitande.*
2. *Statsforvaltaren har lagt avgrensinga foreslått av rådgjevande utval til grunn for verneforslaget. Denne tar utgangspunkt i dei særleine naturkvalitetane grunnområda ved Giske, Valderøya og Vigra representerer. Kulturverdiar er ikkje mellom vernekriteria for marine verneområde i § 39 i naturmangfaldlova.*
3. *Statsforvaltaren tilrår alternativ 1 som restriksjonssone for taretråling, sjå vurdering i vår tilråding til Miljødirektoratet januar 2025.*



## Fiskeridirektoratet, uttale 29.10.2024

1. Fiskeridirektoratet etterlyser betre medverknad i sluttfasen av arbeidet med verneforslaget, m.a. gjennomlesing av høyringsdokumenta før høyring, og at forslag til oppretting av sone med forbod mot taretråling burde vore diskutert og nærare vurdert før den offentlege høyringa.
2. Fiskeridirektoratet sluttar seg til forslag til verneformål.
3. Fiskeridirektoratet sluttar seg til forslag til avgrensing av det marine verneområdet.
4. Med unntak av tarehausting finn Fiskeridirektoratet at verneforslaget ikkje har vesentlege negative effektar på sine ansvarsområde som fiskeri, akvakultur og hausting av viltlevande marine ressursar.
5. Foreslår at unntaket i verneforskrifta § 4 bokstav g blir endra frå *tradisjonell låssetting av fisk til låssetting av fisk* for å unngå tolkingsspørsmål om kva som ligg i omgrepet tradisjonell
6. Fiskeridirektoratet er samd i at omfanget av taretrålingsforbod må vurderast også ut i frå at det det er ein del av verneformålet å ta vare på godt utvikla tareskog. Dei er derimot ikkje einige i den storleiken Statsforvaltaren foreslår. Grunnlaget for dette er konsekvensar for råstofftilgangen. Marint vern må ikkje vere meir omfattande og strengare enn nødvendig, og berekraftig bruk av både de levende marine ressursane og sjøareala med metodar og i eit omfang som ikkje er til skade for verneformålet må vere tillate. Fiskeridirektoratet referer m.a. til rådgjevande utval som grunnlag for å sette av mindre delar med forbod mot tarehausting enn Statsforvaltaren sine forslag.
7. Fiskeridirektoratet etterlyser ytterlegare vurdering av sitt forslag ved oppstart om forbodssone ved Erkna naturreservat, og meiner denne kunne vore betydeleg utvida mot nordaust, søraust, sør og vest.
8. Fiskeridirektoratet foreslår eit nytt alternativ til forbodssone, og meiner det dekker dei vurderingselementa Statsforvaltaren har stilt opp i kap. 3.3.1, med lågare konfliktpotensiale mot taretrålinga enn høyringsalternativa. Forslaget omfattar 39 km<sup>2</sup> og dekker Synesvikane, nordsida av Giske vestover til grensa for dyrelivsfredninga sør for Håflesa, frå Håflesa rett vestover til grensa for marint vern, langs vernegrensa for mvo nordover forbi Erkna og deretter sør-søraust til Synes. Avgrensinga er markert med gult i kartutsnittet nedanfor.





9. Fiskeridirektoratet vurderer sitt nye forslag, og deretter alternativ 2 som den mest hensiktsmessige avgrensinga av sone med forbod mot taretråling.

*Statsforvaltaren si vurdering*

1. *Statsforvaltaren presenterte i forkant av oversending til fagleg gjennomgang i Miljødirektoratet hovudpunkta i verneforslaget for kommunen, regionale etatar og dei viktigaste interessentane i møte 11.03.2024. Vår grunngeving for og vurdering av verknader av soner med forbod mot tarehausting var av dei største drøftingselementa på møtet. Avgrensing av tarehausting har også vore drøfta i tidlegare arbeidsmøte. Ved oversending til Miljødirektoratet i etterkant vart verneforslaget lagt ut på vår nettsider, og det vart sendt e-post til m.a. Fiskeridirektoratet med lenke til nettartikkelen. Miljødirektoratet si faglege tilbakemelding var i all hovudsak formelle og språklege presiseringar som ikkje endra substansen i forslaget. Vi såg difor ikkje behov for ytterlegare involvering i forkant av høyring. Sett i ettertid burde det vore invitert til å legge fram alternative forslag, sjå nærare vurdering under punkt 8.*
2. *Tatt til vitande.*
3. *Tatt til vitande.*
4. *Tatt til vitande*
5. *Utdjuping av korleis dette blir å forstå er naturleg å drøfte i forvaltningsplanen for området.*
6. *Statsforvaltaren meiner å ha godt grunnlag for å sette av ei stor sone med forbod tarehausting i rådgjevande utval si tilråding. Mellom anna skriv dei at det er viktig at områda ikkje er for små. Bakgrunnen for dette er at taeskogane er opne økosystem der rekruttering av ulike organismar skjer med straumtransport, og at predatorar som sel og fisk kan vandre over betydelege avstandar. Ut over rådgjevande utval sine tilrådingar har Statsforvaltaren også lagt til grunn ei tydeleg økosystemtilnærming når vi argumenterer for kvifor sonene må vere store, og at dei bør inkludere også område som i dag er tungt utnytta til tarehausting. Vi finn fagleg støtte for vår tilnærming i HI og NTNU sine uttalar.*
7. *Statsforvaltaren har i verneplanomtalen kap. 3.3.2 vurdert dei konkrete forslaga som har vore lagt fram av ulike instansar. Ut over det har Statsforvaltaren i arbeidet med verneplanen sett på ulike utformingar, inkluder variantar som liknar på det Fiskeridirektoratet no antydar. Eit utal avgrensingar kan teiknast opp, og alle kan ikkje vurderast fullt ut. Statsforvaltaren har gjort greie for grunnlaget for sine endelege forslag i kap. 3.3.*
8. *På grunnlag av Fiskeridirektoratet sitt kart har vi berekna kor mykje taeskog som inngår i forslaget, og kor stort årleg tarekvantum som i snitt har vore hausta i ti haustesesongar 2013/2014-2022/2023. Tala er vist i tabellar nedanfor tilsvarande tabell 4 og 5 i verneplanomtalen.*

**Taeskogareal innanfor forslag til soner med forbod mot taretråling i Giske marine verneområde.**

	Alternativ 1	Alternativ 2	Alternativ Fiskeridir
Taeskogareal innanfor sonealternativa	38 km <sup>2</sup>	33 km <sup>2</sup>	26 km <sup>2</sup>
Andel av taeskog innanfor Giske mvo (totalt 51,5 km <sup>2</sup> )	73 %	65 %	50 %
Andel av taeskog i Møre og Romsdal (totalt 1 007 km <sup>2</sup> )	3,8 %	3,3 %	2,6 %
Akkumulert andel taeskog med hausteforbod i Møre og Romsdal (eksisterande 11,2 %)	15,0 %	14,5 %	13,8 %

**Hausta kvantum (snitt av ti haustesesongar 2013/2014-2022/2023) innanfor forslag til soner med forbod mot taretråling heldt opp i mot totalt haustekvantum innanfor Giske mvo og i Møre og Romsdal og i Noreg.**

	Alternativ 1	Alternativ 2	Alternativ Fiskeridir
Årleg kvantum, snitt av ti haustesesongar (tonn)	1 482 t	1 217 t	778 tonn
Andel av kvantum innanfor Giske marine verneområde, snitt av ti haustesesongar (2 816 tonn)	53 %	43 %	28 %
Andel kvantum Møre og Romsdal, snitt av ti haustesesongar (42 387 tonn)	3,5 %	2,9 %	1,8 %
Andel haustekvantum Noreg, snitt av ti haustesesongar (141 256 tonn)	1,05 %	0,86 %	0,55 %

*Etter Statsforvaltaren si vurdering blir vesentlege delar av det mest representative området for Giske mvo ved Giske og Giskerevet utelatt med Fiskeridirektoratet sitt forslag. Samtidig blir delar av det hardast tråla området ved Giske liggande ope for hausting, vegg i vegg med område med forbod. Etter vårt syn bør ein legge stor vekt på å halde naturleg avgrensa og samanhengande tareskogar intakt. Forslaget frå Fiskeridirektoratet er også vesentleg svakare enn alternativ 1 ved at det ikkje sikrar naturleg tareskogsdynamikk ved Synesvågen naturreservat. Statsforvaltaren viser elles til fagleg støtte frå HI og NTNU for å sette av alternativ 1 med forbod mot tarehausting. Sjå elles vår samla vurdering i tilråding til Miljødirektoratet januar 2025.*

9. *Sjå punkt 8 for vurdering av det nye forslaget. For vurdering av alternativ 1 mot alternativ 2 viser vi til vår samla vurdering i tilråding til Miljødirektoratet januar 2025.*

### **Kystverket, uttale 05.11.2024**

1. Ingen merknader.

### **Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), uttale 27.09.2024**

1. NVE ber Linja AS informere om planar og prosjekt i området, og uttale seg om verneforslaget tar i vare deira behov.

*Statsforvaltaren si vurdering*

1. *Sjå under uttale frå Linja AS.*

### **Linja AS, uttale 04.09.2024**

1. Linja AS har to 22 kV sjøkablar innanfor verneområdet, og ber statsforvaltaren ta inn standard føresegner for energi- og kraftanlegg i forskrifta for å sikre drift, vedlikehald og oppgradering av nettanlegg.

*Statsforvaltaren si vurdering*

1. *Standard føresegner ligg inne i forslag til verneforskrift, og ho bør ikkje vere til hinder for drift, vedlikehald og oppgradering av nettanlegg.*

### **Statnett, uttale 30.08.2024**

1. Ingen merknader.

### **Direktoratet for mineralforvaltning, uttale 29.10.2024**

1. Ingen merknader.

### **Statens vegvesen, uttale 29.10.2024**

1. Verneforslaget rører ikkje ved eksisterande vegnett, og synest ikkje å vere til hinder for anbefalte konsept i KVU for rv. 658. Statens vegvesen legg til grunn at forvaltningsstyresmakta kan gi dispensasjon på bakgrunn av vesentleg samfunnsinteresse ved ev. behov for vegfyllingar/ konstruksjonar som rører ved vernesona.

#### *Statsforvaltaren si vurdering*

1. *Mindre tiltak kan vurderast under dei spesifiserte dispensasjonsreglane i § 5 bokstav f. Større tiltak må vurderast etter dei generelle dispensasjonsreglane i nml § 48.*

### **Havforskningsinstituttet (HI), uttale 11.11.2024**

1. HI meiner det er gode forskingsfaglege argument for å opprette Giske marine verneområde.
2. HI meiner manglande restriksjonar på fiske gjer at det må klassifiserast som ubeskytta og ikkje kan reknast med i det globale målet om 30 % marint vern innan 2023. Forslag til reguleringar vil ikkje gi særleg positive effektar på økosystemet. Hi foreslår å dele opp Giske mvo i soner med varierende restriksjonsgrad, og at fiskerireiskapane med høgast økologisk fotavtrykk ikkje bør nyttast i det marine verneområdet.
3. I eit verneområde som spesielt er utvalt på grunn av sin rike taeskog og der eit formål er at vegetasjon skal vernast, bør taretråling ideelt sett ikkje gå føre seg. Av forslag til soner med forbod mot tarehausting vil alternativ 1 vere å føretrekke, sidan forbodssona mot taretråling er størst i dette alternativet.
4. Bevaring av urørte taeskogsområde med full økosystemfunksjonalitet vil vere viktig. Fisk er ein viktig del av tareøkosystema, og dersom områda ikkje også blir verna mot påverknad frå fiskeri som t.d. snurrevad, er ikkje forslaget å sjå som noko heilskapleg vern for taeskogane og deira økosystemfunksjonalitet.

#### *Statsforvaltaren si vurdering*

1. *Tatt til vitande*
2. *Statsforvaltaren tar til etterretning HI si vurdering av manglande samsvar mellom verneforslaget sitt restriksjonsnivå og internasjonale krav til klassifisering av marine verneområde. Vi er samd i at få restriksjonar på fiskeri ikkje gir god måloppnåing kva gjeld positive effektar på økosystemet. Verneforslaget er utforma på bakgrunn av tilrådinga frå rådgjevande utval for marint vern, der regulering av fiske, inkludert snurrevad, ikkje var mellom dei tilrådde restriksjonane for Giske mvo. Etter dei styringssignalar vi har fått frå Miljødirektoratet er fiskeri vurdert som igangverande verksemd som kan halde fram. Verknader av fiskeriverksemd på verneverdiane vil vere eit tema som må følgjast opp i forvaltningsplanen for området og ev. gi grunnlag for tilpassingar, ref. rådgjevande utval si tilråding.*
3. *Statsforvaltaren tilrår alternativ 1 som restriksjonssone for taretråling, sjå vurdering i vår tilråding til Miljødirektoratet januar 2025.*
4. *Vi ser taretråling som den viktigaste negative påverknadsfaktoren i tareøkosystema i Giske mvo, og forslag om soner med forbod mot tarehausting er i samsvar med rådgjevande utval sine tilrådingar. Vi viser elles til vår vurdering under punkt 2.*

### **NTNU Vitskapsmuseet, uttale 30.10.2024**

1. NTNU Vitskapsmuseet støttar forslaget til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal om å opprette Giske marine verneområde.
2. Støttar alternativ 1 for sone med forbod mot tarehausting. Forbod mot tarehausting bør gjelde heile verneområdet.
3. Støttar skildringa av området som ein av få langs norskekysten med samansette grunnvassområde med variert natur.



4. Unntak for m.a. jakt, fiske og fangst inkl. tarehausting i verneforskrifta § 4 strir mot verneformålet. Vernet blir hola ut, og er ikkje reelt utan endringar i verneforskrifta. NTNU har ei rad kommentarar til verneforskrifta kva gjeld ambisjonsnivå i verneformål og unntaka i § 4.
5. Rår til at Statsforvaltaren blir forvaltningsmyndigheit for området.

*Statsforvaltaren si vurdering*

1. Tatt til orientering
2. Statsforvaltaren tilrår alternativ 1 som restriksjonssone for taretråling, sjå vurdering i vår tilråding til Miljødirektoratet januar 2025.
3. Tatt til orientering.
4. Statsforvaltaren er samd med NTNU i at unntaka i verneforskrifta svekker verneverdiane i området, og at vernet for mange viktige påverknadsfaktorar ikkje står fram som reelt. Verneforslaget baserer seg på gjeldande mal for verneforskrift i marine verneområde slik Klima- og miljødepartementet har utforma den. Sjå også kommentar under Havforskningsinstituttet.
5. Tatt til vitande. Miljødirektoratet avgjer dette.

**Iff N&H Norway AS, uttale 31.10.2024**

1. Iff stiller spørsmål ved grunngevinga for å plukke ut Giske som marint verneområde, m.a. kor spesielt grunnvassområdet er langs kysten. Dette gjeld både geologiske og hydrodynamiske forhold og artsmangfald.
2. Iff meiner verneplanomtalen overdriv positive verknader av forbod mot tarehausting for naturmiljø, fiskeri, kulturmiljø og reiseliv.
3. Det er ikkje behov for fleire/større referanseområde for taretråling. Iff meiner forskning viser at tarehausting har mindre negative konsekvensar for natur og miljø enn mange har frykta, og at det ikkje er vitskapleg grunnlag for å stenge for hausting i Giske mvo. Tarehausting er ein reversibel påverknad, og det er difor ikkje behov i denne omgang for å forby tarehausting.
4. Negative verknader for tilgang på tareråstoff er undervurdert, mellom anna på grunn av omlegging av haustesyklus i perioden. Deira anslag på tapt råstofftilgang er på 3 500 tonn/år for alternativ 1 og 2 500 tonn/år for alternativ 2, mot Statsforvaltaren sine berekningar frå fangstrapportar på høvesvis 1 482 og 1 217 tonn/år.

*Statsforvaltaren si vurdering*

1. Giske marine verneområde er plukka ut som ein representant for kategorien spesielle grunnvassområde. At det finst område langs kysten som har liknande eigenskapar talar etter vår vurdering ikkje i mot vern av Giske mvo. Naturmangfaldlova § 39 har som sitt første kriterium for vern at eit område inneheld særeigne eller representative økosystem. Giske marine verneområde tilfredsstillar begge element. Giske marine verneområde inngår i området som har vore pilot for marin grunnkartlegging, og dei fysiske og biologiske forholda er godt kartlagt.
2. Statsforvaltaren si vurdering av verneforslaget er gjort på grunnlag av fleire påverknadsfaktorar enn taretråling. I tillegg til taretråling i forslag til restriksjonssone vil marint vern sikre at det ikkje blir gjennomført utbyggingstiltak eller inngrep som er negative for dei interessene Iff framhevar. Når det gjeld verknader av taretråling spesielt vil vi hevde at det er godt grunnlag vår vurdering, m.a. i Hl sine rapportar som viser negativ effekt for fisk i hausta område, og at denne varierer med kor hardt hausta områda er. Delar av tareskogane i Giske mvo er mellom dei mest intensivt tråla areala langs kysten. For Giske mvo sin del er det underordna at totaleffekten kysten sett under eitt er liten. Sjølv om det så langt ikkje er registrert marine kulturminne innanfor Giske mvo vil verneforslaget bidra til å skjerme ev. ukjente kulturminne. Vidare vil landskapsverdiar inkl. kystkulturmiljø bli skjerma for framtidige inngrep som stikk over vatn. Reiseliv er vurdert ut i frå eit lokalt perspektiv.
3. Iff si vurdering av behovet for referanseområde er knytt til desse som del av eit overvåkings- og forvaltningsregime der formålet er å vurdere om tarehaustinga er ressursmessig forsvarleg, og som

grunnlag for forskning om verknader på tareøkosystema. At HI finn at tareskogen målt som ståande tarebiomasse er godt utvikla fem år etter hausting seier lite om den gjennomsnittlege tilstanden i økosystemet over tid. Statsforvaltaren har vektlagt behovet for større samanhengande tare-økosystem som er fysisk urørt og representative for naturverdiane både i det enkelte området og for kystavsnittet generelt. Dette er også i samsvar med HI sine forslag om ein meir økosystembasert forvaltningsmodell for tarehausting.

4. Statsforvaltaren har tatt utgangspunkt i haustetala som kjem fram av fangstrapporteringa til Fiskeridirektoratet. Vi gjer i verneplanomtalen særskilt merksam på at omlegging av haustefelta kan ha påverka fangstmengdene, men at tala gir eit dekkande bilde av den relative verknaden innanfor Giske mvo, og sett opp i mot totalfangsten i Møre og Romsdal. Vi merkar oss at Iff ikkje peikar på at vi har tolka eller brukt fangstrapporteringa feil. Vi har ut over det ikkje grunnlag for å vurdere Iff sine tal for tap av råstofftilfang.

#### **Sør-Norges Fiskarlag, uttale 29.10.2024**

1. Sør-Norges Fiskarlag har ingen innvendingar til forslaget, så lenge dagens fiskeriaktivitet kan fortsette i tråd med gjeldande regelverk. Ser positivt på at verneforslaget vil bidra til å styrke tareskogen som eit viktig leve-, føde og oppvekstområde for fisk.

*Statsforvaltaren si vurdering*

1. Tatt til vitande.

#### **62°Nord AS, uttale 13.09.2024**

1. 62°Nord stiller seg positiv til verneforslaget.

*Statsforvaltaren si vurdering*

1. Tatt til vitande.

#### **Sunnmøre ringmerkingsgruppe, Blindheim Vel m.fl., uttale 31.10.2024**

1. Reagerer på at taretråling er tillate, mens det er strenge reglar for tiltak i verneområde på land.
2. Meiner taretråling verkar inn på badestranda i Blimssanden, m.a. med oppskylning av tare året etter taretråling.
3. Meiner taretråling gir reduserte fangstar av hummar.
4. Ønsker at eit kartfesta område utanfor strekninga frå Tørrneset til Molnes skal ha forbod mot taretråling. Meiner registrerte fugleartar og -lokalitetar gjort greie for i merknaden vil bli negativt påverka av tarehausting.

*Statsforvaltaren si vurdering*

1. Marint vern er ei mild verneform samanlikna med naturreservat og fugle- og dyrefredingsområde på land og i sjø. Rådgevande utval for marin verneplan rådde til at berre delar av Giske mvo vart til trålfrie soner.
2. Som omtala i kapittel 3.3.1 har vi ikkje lagt vekt på omsyn til landerosjon i vurderinga av behov for og avgrensing av sone med forbod mot tarehausting.
3. Statsforvaltaren har ikkje grunnlag for å vurdere i kva grad taretråling gir negative verknader for hummar. Hummarbestanden i sone med forbod mot tarehausting vil i så fall kunne bli styrka. Omsyn til enkeltartar har ikkje vore vesentleg når vi har vurdert avgrensing av forbodssona.
4. Statsforvaltaren er samd i at heile Giske mvo ideelt sett burde vore utan tarehausting. Verneforslaget er utforma på grunnlag av dei føringar som ligg i tilrådinga frå rådgevande utval og seinare dei styringssignalar vi har fått frå Miljødirektoratet. Grunnlaget for at den sørlege delen av verneområdet er prioritert går fram av kap. 3.3 i verneplanomtalen.

### **Knut Støbakk, uttale 23.09.2024**

1. Støbakk foreslår at grensa for alternativ 1 av sone med forbod mot tarehausting blir trekt nord til Brimneset seglmerke (sjømerkenr. 36216M). Han grunngir det med at kan gi grunnlag for å samanlikne endringar i kystkonturen (landtoningen) nord for neset (med tarehausting) og sør for neset (utan tarehausting).

#### *Statsforvaltaren si vurdering*

1. *Statsforvaltaren har, der det har vore mogleg, avgrensa restriksjonssona for taretråling mot grensa mellom ulike haustefelt for at det skal vere meir oversiktleg med færrast mogleg avgrensingar å halde greie på. Som omtala i kapittel 3.3.1 har vi ikkje lagt vekt på omsyn til landerosjon i vurderinga av behov for og avgrensing av sone med forbod mot tarehausting.*

### **Hans-Jonny Blindheimsvik m.fl., uttale 29.10.2024**

1. Eigarane av gbnr 4/34 meiner egedomen må takast ut mellom egedomane lista opp i § 2 i verneforskrifta. Dei meiner forskrifta blir oppfatta til at grensa for det marine verneområdet følgjer middel høgvatn for heile egedomen. Det er lagt ved kart som viser kor marbakken går.
2. Uttalen og vedlegga tar også opp ulike sider ved forvaltninga av Blindheimsvik fuglefredingsområde som ikkje har relevans for verneforslaget.

#### *Statsforvaltaren si vurdering*

1. *Statsforvaltaren har ikkje vurdert kor marbakken ev. ligg for alle egedomane som er lista i § 2. På bakgrunn av kartet frå grunneigarane er det klart at marbakken ligg godt innanfor grensene for Blindheimsvik fuglefredingsområde, og vi kan difor ta ut 4/34 og 4/23 i denne delen av fuglefredingsområdet frå forskrifta. For å unngå mistydingar andre stader foreslår Statsforvaltaren å endre ordlyden knytt til egedomar omfatta av det marine verneområdet i § 2 som følgjer: Ved desse egedomane er også areal mellom eksisterande verneområde og marbakken/to meter (normal flo) inkludert viss det er tilfelle.*
2. *Vi kommenterer ikkje forholda knytt til Blindheimsvik fuglefredingsområde.*

## **2 Innspel ved oppstart**

Fylkesmannen (no Statsforvaltaren) meldte om oppstart av verneplanarbeidet 15.03.2019. Oppstart blei annonsert i aviser, på nett og med brev til grunneigarar og kjende interessentar, med seks veker frist for å komme med skriftlege innspel. Det blei arrangert ope informasjonsmøte 13.05.2019. Det kom inn 13 innspel til verneplanarbeidet.

Innspela er summert opp og kommentert nedanfor. Vi viser til heile merknadene for utdjuping og grunngjeving for dei enkelte punkta. Desse ligg ved bak i heftet.

### **Giske kommune, vedtak og saksutgreiing i møte 03.06.2019, sak 073/19**

1. Verneområdet er omfatta av pilotprosjekt for Marine grunnkart i Norge, noko som vil gi vesentleg betre informasjon om botnforhold og marint naturmangfald. Dei rår difor til at arbeidet med verneplanen blir utsett til dette arbeidet er ferdig.
2. Vernearealet bør utvidast til å omfatte også Storholmen naturreservat,
3. Roaldsand fuglefredingsområde bør inkluderast i verneforslaget.
4. Av omsyn til naturverdiane i tareskogen og balansen mellom grunnområda og verna område på land bør ein revurdere og ev. oppheve opning for taretråling i det marine verneområdet.
5. Det er behov for klare retningslinjer for diverse aktivitetar innanfor verneområde, med vising til negative erfaringar med eksisterande verneområde på land.



6. Det må settast av midlar til forvaltning av området, m.a. knytt til marin forsøpling, uansvarleg fiske, ulovleg forureining, informasjonstiltak og oppryddingsrundar.

*Statsforvaltaren si vurdering*

1. *Dei ferdige marine grunnkartleggingane er aktivt brukt i arbeidet, i og med at det av ulike årsaker har vorte forseinka.*
2. *Statsforvaltaren har lagt rådgjevande utval si tilråding og avgrensing til grunn for arbeidet med verneplanen. Giske marine verneområde er plukka ut som eit område representativt for spesielle grunnområde langs kysten. Området utover mot Storholmen naturreservat innehar etter vår vurdering ikkje tilstrekkelege naturverdiar innanfor dei elementa rådgjevande utval vektlegg, og vi finn difor ikkje grunnlag for å ta med det foreslåtte området i Giske marine verneområde.*
3. *Statsforvaltaren har lagt rådgjevande utval si tilråding og avgrensing til grunn for arbeidet med verneplanen. Giske marine verneområde er plukka ut som eit område representativt spesielle grunnområde langs kysten. Området utanfor Roaldsand fuglefredingsområde innehar etter vår vurdering ikkje tilstrekkelege naturverdiar innanfor dei elementa rådgjevande utval vektlegg, og vi finn difor ikkje grunnlag for å ta med det foreslåtte området i Giske marine verneområde.*
4. *Verneplanen foreslår ei større sone med forbod mot taretråling. Sjå kap. 5.3 i verneforslaget for nærare vurdering av omfanget av denne sona.*
5. *Verneforskrifta for Giske mvo er utforma etter ein vesentleg meir moderne mal enn dei eldre verneområda. Merk likevel at det ikkje er særskilte restriksjonar knytt til ferdsel, fiske, friluftsliv eller reiselivet sin bruk av områda ut over fysiske tiltak, forureining m.v. Ein forvaltningsplan for området vil gi nærare retningsliner for korleis ulike delar av forskrifta er å forstå for ulike aktivitetar.*
6. *Det blir årleg løyvt midlar til forvaltning av verneområde på Statsbudsjettet. Skjøtsels- og tiltaksmidlar blir tildelt Statsforvaltaren ut i frå innmeldte behov kvart år, m.a. på grunnlag av ev. forvaltningsplan for området.*

**Møre og Romsdal fylkeskommune, uttale 10.05.2019**

1. Fylkeskommunen meiner det er positivt og nødvendig at det blir sett i gang arbeid med marint vern i området.
2. Det er svært mange automatisk freda kulturminne langs kystlinja i området. Det kan også vere kulturminne under vatn i området.
3. Marint vern kan gjere det aktuelt å sette strengare miljømål for vassførekomsten Ålesund-Ytre (ID 0301000031-C), som i dag har mål om god økologisk og kjemisk tilstand. Fylkeskommunen ønskjer at Statsforvaltaren seier kva miljømålet bør vere. Det kan vere aktuelt å dele opp vassførekomsten med verneområdet som eigen førekomst. Marint vern vil vere positivt for vassmiljøet.
4. Området er lite gunstig for oppdrett av fisk. Makroalgar og filtrerande artar kan vere aktuelt. Desse vil etter fylkeskommunen si vurdering ha lite negativ verknad på verneformålet.
5. Tarehausting har etter fylkeskommunen si vurdering ikkje vesentleg negativ påverknad på verneformålet.
6. Havbeite med skjel og krepsdyr kan vere aktuelt, men det er ingen kjende initiativ i området. Stadeigne artar vil etter fylkeskommunen si vurdering i liten grad føre til negative verknader for verneformålet.

*Statsforvaltaren si vurdering*

1. *Tatt til vitande.*
2. *Tatt til vitande.*
3. *Statsforvaltaren ser det som naturleg at det er mål om svært god økologisk og kjemisk tilstand innanfor det marine verneområdet. Dette blir å drøfte nærare i den regionale vassforvaltningsplanen, inkludert vurdering av inndeling av vassførekomstane.*

4. Verneforskrifta gir opning for akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet. Den konkrete vurderinga blir gjort ved enkeltsakhandsaming.
5. Verneplanen foreslår ei større sone med forbod mot taretråling. Sjå kap. 5.3 i verneforslaget for nærare vurdering av omfanget av denne sona.
6. Sjå punkt 4.

#### **Fiskeridirektoratet, uttale 14.05.2019**

1. Føreset at verneplanen ikke legg nye band på næringsmessig fiskeriaktivitet, og/eller på bruk av konkrete reiskapar, har Fiskeridirektoratet ikkje merknader til avgrensinga av det generelle verneområdet.
2. Fiskeridirektoratet støttar at grensa i hovudsak blir trekt utanfor privat grunn og eksisterande hamneanlegg.
3. Eit breitt og oppdatert kunnskapsgrunnlag om verneverdiane er avgjerande for arbeidet med avgrensing og kva restriksjonar som er aktuelle for bruk og næringsverksemd.
4. Prosessen skissert i oppstartsmeldinga blir vurdert som god, føreset nær samarbeid med Fiskeridirektoratet, andre berørte sektormynde og brukarinteresser.
5. Det blir gjort greie for eksisterande marin næringsverksemd knytt til fiskeri, akvakultur og taretråling innanfor verneplanområdet.
6. Fiskeridirektoratet stiller spørsmål ved kor godt eigna Giske marine verneområde er som referanseområde for taretråling, gitt at det har vore stor taretrålingsaktivitet over lang tid i betydelege delar av det foreslåtte verneområdet. Nord- og vestenden av Giskerevet er truleg det mest taretrålte området innanfor heile verneområdet. Areal som ikkje framstår som område med ingen eller liten påverknad frå taretråling er etter direktoratet si vurdering ikkje aktuelt som referanseområde. Vurdering og prioritering av slike område vil vere sentralt i verneplanarbeidet.
7. Fiskeridirektoratet gir innspel om moglege referanseområde for taretråling i tilknytning til Langholmen naturreservat, Erkna naturreservat og innanfor tre meter djup vest og nord for øya Giske. Ser det som naturleg å komme meir konkret inn på avgrensing av uforstyrra referanseområde for taretråling ved Giskerevet i løpet av prosessen.
8. Fiskeridirektoratet føreset at ein innanfor verneområdet kan drive med berekraftig utnytting av marine ressursar som ikkje er til skade for eller påverkar verneformålet. Vernet må ikkje vere meir omfattande og strengt enn nødvendig. Fiskeridirektoratet ser ikkje behov for å legge restriksjonar på fiskeri med passive eller aktive reiskapar, eller registrerte låssettingsplassar.
9. Verneplanen må klargjere kva som vil vere konsekvensane for hausting av marine ressursar av eit eventuelt vern. Verneplanen må ikkje gi vesentlege uønskja konsekvensar og avgrensing for utviklinga av sjømatnæringa.

#### *Statsforvaltaren si vurdering*

1. Verneforslaget legg etter det vi kan sjå ikkje band på eksisterande fiskeriaktivitet innanfor det marine verneområdet, jf. nærare omtale i kap.5.3 og 6.2.
2. Tatt til vitande. Det er gjort nokre mindre justeringar av knekkpunkta sørvest og vest i området, sjå nærare omtale i kap. 5.2.
3. Sidan oppstart er området kartlagt gjennom marin grunnkartlegging. Kunnskapsgrunnlaget om naturverdiane er gjort nærare greie for i kap. 4.2 i høyringsforslaget.
4. Prosessen er gjennomført i tråd med skissa i oppstartsmeldinga, men har diverre lidd under dårleg kapasitet og framdrift hos Statsforvaltaren.
5. Tatt til vitande. Brukarinteressene i området er omtala i kap. 4.5 i verneforslaget.
6. Etter Statsforvaltaren si vurdering er det ikkje realistisk å avgrense tilfanget av aktuelle soner med forbod mot taretråling til område som ikkje har vore hausta til no. Vi legg til grunn at utplukka område vil utvikle seg til urørte, dynamiske klimakssamfunn med naturleg alderssamansetning på

*tareplantane og fullt utvikla påvekstsamfunn innan relativt kort tid. Kapittel 5.3 i høyringsforslaget gjer nærare greie for dei vurderingane Statsforvaltaren har gjort kva gjeld avgrensing av forslag til sone med forbod mot tarehausting.*

7. *Statsforvaltaren si vurdering av innspela er gjort greie for i kap. 5.3 i høyringsforslaget.*
8. *Statsforvaltaren si vurdering av nødvendige restriksjonar på ulike aktivitetar er gjort greie for i kap. 5.3 i høyringsforslaget.*
9. *Verknadene av verneforslaget på ulike interesser er gjort greie for i kap. 6 i verneforslaget, jf. også punkt 8.*

### **Kystverket, uttale 15.04.2019**

1. Kystverket er avhengig av å kunne vedlikehalde og nyinstallere installasjonar og anlegg på ein rask, effektiv og økonomisk måte. Verneføresegna må bli utforma slik at ein unngår unødig bruk av tid, ressursar og kostnader i dette arbeidet.

*Statsforvaltaren si vurdering*

1. *Utkast til verneføresegn tillet vedlikehald av eksisterande navigasjonsinstallasjonar, og etablering av nye er mellom dei tiltaka det er spesifisert heimel for å gi dispensasjon for. Det følgjer av dette at det for Kystverket ikkje vil vere knytt vesentlege vanskar til etablering av nye navigasjonsinstallasjonar ut over det som allereie er nødvendig av klarering etter t.d. plan- og bygningslova.*

### **Norges vassdrags- og energidirektorat, uttale 06.05.2019**

1. NVE finn ikkje at eit marint verneområde vil vere i konflikt med eksisterande eller planlagt regional- eller transmisjonsnett. For å avklare om det finst sjøkablar i distribusjonsnettet ber NVE om at områdekonsesjonæren Mørenett AS blir høyrte.

*Statsforvaltaren si vurdering*

1. *Tatt til vitande.*

### **Mørenett AS, uttale 04.06.2019**

1. Mørenett AS sender ei oversikt over sine sjøkablar i området, og melder at dei planlegg å skifte ein av dei hausten 2019.

*Statsforvaltaren si vurdering*

1. *Tatt til vitande. Utkast til verneføresegn tillet vedlikehald, fornying og oppgradering av eksisterande sjøkablar. Etablering av nye er mellom dei tiltaka det er spesifisert heimel for å gi dispensasjon for. Nye kablar skal så langt som mogleg samlast i korridorar saman med andre leidningar og rør.*

### **Direktoratet for mineralforvaltning, uttale 15.05.2019**

2. Verneplanen omfattar berre sjøareal, og rører ikkje direkte DMF sitt sektorområde. Verneplanen bør ikkje vere til hinder for sjøtransport av eksisterande og ikkje realiserte prosjekt for mineralske ressursar. NGU sin kartbase for grus og pukkk viser nokre kystnære førekomstar av lokal betydning (Sætredden og Ytterland).

*Statsforvaltaren si vurdering*

1. *Verneplanen legg i seg sjølv ingen hinder for ferdsel og transport på sjøen. For ev. nye, større utskipingsanlegg kan verneplanen i teorien få verknad, men i lys av potensialet på landsida kan vi ikkje sjå at det er behov for særskilte vurderingar eller tilpassingar knytt til dette. For transport til området i samband med t.d. utbyggingsprosjekt med massebehov har vi ikkje fanga opp konkrete behov, og legg til grunn at det ev. blir løyst innanfor eksisterande infrastruktur.*



### **Oljedirektoratet, uttale 05.04.2019**

1. Direktoratet viser til rådgjevande utval for marin verneplan si endelege tilråding, som under vurdering av restriksjonar og konsekvensar for næringsverksemd skriv: *Utnyttelse av eventuelle petroleumsressurser er ikke nødvendigvis i strid med verneformålet. Ved leting og produksjon må det stilles strenge krav til at det ikke er utslipp eller annen påvirkning som kan skade verneverdiene på bunnen.*

*Statsforvaltaren si vurdering*

1. *Statsforvaltaren tar innspelet til vitande. Dersom det blir aktuelt må ein vurdere ein ev. dispensasjonssøknad innanfor rammene av § 48 i naturmangfaldlova, jf. også §§ 8-12.*

### **Statens vegvesen, uttale 12.04.2019**

1. Ber om at det blir omtalt meir presist kva konsekvensar det marine vernet får for utviklings- og utbetringstiltak på eksisterande veganlegg.
2. Opplyser om at Statens vegvesen har fått i oppdrag å utarbeide ei konseptvalutgreiing for riksveg 658.

*Statsforvaltaren si vurdering*

1. *Eksisterande veganlegg som eventuelt kan bli berørt er fv. 5957 Giskebrua og rv. 658 Ytterland-Gjøsund. Grensa for verneområdet er på det næraste knappe 50 meter frå brufyllinga til Giskebrua, og over Gjøsundet knapt 120 meter. Vi ser difor ikkje at verneområdet vil ha vesentleg innverknad på handlingsrommet for utvikling og utbetring av desse vegelementa. Når det gjeld landdelen av rv. 658 vil ev. utfyllingar ut om 2 meters djup komme i konflikt med verneområdet.*
2. *Av det materialet som er tilgjengeleg på vegvesenet sine nettsider er det så langt ikkje grunn til å tru at det er vesentleg konflikt mellom konseptvalarbeidet og verneplanen.*

### **Havforskningsinstituttet, uttale 08.05.2019**

1. Havforskningsinstituttet (HI) ønskjer at restriksjonane på hausting av tare i eksisterande referanseområde ved Erkna heimla i regional forskrift om tarehausting blir vidareført.
2. Langholmen naturreservat kan vere eit aktuelt nytt referanseområde for HI, då det allereie har forbod mot tarehausting.
3. HI har ut over dette ikkje behov for ytterlegare referanseområde i overvakingssamanheng innanfor det marine verneområdet.
4. Eventuelle nye referanseområde på areal der det ikkje allereie er forbod mot tarehausting bør ha før- og etterundersøkingar for å studere eventuelle effektar av tiltaket.

*Statsforvaltaren si vurdering*

1. *Dersom eksisterande referanseområde ved Erkna blir liggande utanfor soner med forbod mot tarehausting kan det vere aktuelt å fastsette forbodet i referanseområdet særskilt i verneforskrifta.*
2. *Langholmen naturreservat vil ikkje vere innlemma i det marine verneområdet, jf. grensedraginga drøfta i kapittel 5.2 i verneforslaget. Havforskningsinstituttet vil uansett kunne utnytte Langholmen naturreservat som referanseområde i overvakingssamanheng innanfor tilsvarende rammer som gjeld for den delen av referanseområdet ved Erkna som ligg innanfor Erkna naturreservat.*
3. *Tatt til vitande. Som drøfta i kap. 5.3 i høyringsforslaget ser Statsforvaltaren behov for at det marine verneområdet skal innehalde større areal med tareskogar som kan utvikle seg til urørte, men dynamiske klimakssamfunn med naturleg alderssamansetning på tareplantane og fullt utvikla påvekstsamfunn. Dette er behov som går ut over HI sine overvakingssbehov knytt til forvaltning av tarehaustinga.*
4. *Tatt til vitande. Korleis ein eventuelt kan få dokumentert verknader av at tarehausting tar slutt i aktuelle soner må drøftast nærare med Miljødirektoratet, og vil avhenge av korleis verneplanen blir sjåande ut til sjuande og sist, og korleis ein ev. får løyst det i tid.*

### Dupont Nutrition Norge AS, uttale 09.05.2019

1. Avgrensingar i dagens hausting av stortare innanfor områda inkludert i marin verneplan vil få konsekvensar for Dupont si verksemd og deira langsiktige kundeforpliktingar. Dette gjeld omsette verdiar, sysselsetting, råstofftilgang og levering av produkt.
2. Dupont meiner stortarehaustinga kan kvalifiserast som eit berekraftig uttak ut i frå at tareskogane ved Giske etter 50-60 år med hausting framleis er omtala i Fylkesmannen si oppstartsmelding som rike og velutvikla. Med vising til Havforskningsinstituttet sine undersøkingar blir det generelt heldt fram at gjenvekst av tare er god, førekomsten av kråkebollar aukar ikkje og vesentlege effektar på fisk og skaldyr kan ikkje påvisast som følge av tarehausting. Det blir også framheva at nasjonalt riv storm laus 7 millionar tonn stortare, mot 150 000 tonn hausta årleg av Dupont.
3. Tarehausting er ikkje mellom aktivitetane som kan gi varig skade i sektordepartementa sine retningsliner for sakshandsaming av ulike tiltak i kandidatområda i marin verneplan.
4. Meiner Havforskningsinstituttet må vurdere kva som er eigna og behov for som referanseområde for tareskog, og viser til at det er eit 20-tal referanseområde for stortare frå Rogaland til Trøndelag, i tillegg til ytterlegare 100 område som er totalfreda for tarehausting.
5. Tarehausting er næringsverksemd som ikkje er i strid med verneformålet. Hausting med grindtrål er berekraftig hausting frå naturlege bestandar som ikkje gir nemneverdige skader eller inngrep på sjøbotnen.
6. Dupont understrekar kor viktig det er at både eksisterande og framtidig hausting av viltlevande stortare ikkje blir berørt av ei eventuell gjennomføring av marin verneplan for sjøområda i Giske kommune. Dupont ser ikkje at det ligg føre eit fagleg grunngjeve behov for å opprette eit referanseområde ved Giskerevet.

#### *Statsforvaltaren si vurdering*

1. *I kapittel 6.5 i høyringsforslaget er det gjort greie for kva forslått sone med forbod mot tarehausting vil bety av redusert råstofftilgang for Dupont (no IFF), basert på historiske haustedata.*
2. *Statsforvaltaren er samd i at tarehausting i stort er berekraftig. Innanfor eit marint verneområde ser vi til liks med rådgjevande utval behov for at det blir sett av større soner utan tarehausting. Den nærare grunngjevinga for dette, og dei konkrete vurderingane som ligg til grunn for sona vi foreslår, går fram av kap. 5.3 i høyringsforslaget.*
3. *Statsforvaltaren er samd i departementa si vurdering av at tarehausting ikkje gir varige skader i eit omfang som tilseier at det er behov for særskilte retningsliner i påvente av at restriksjonsnivåa er vurdert konkret i verneplanen for det enkelte kandidatområdet.*
4. *Behovet for at det marine verneområdet skal innehalde større areal med urørte tareskogar går ut over dei overvaksingsbehova HI har knytt til forvaltning av tarehaustinga, jf. også punkt 2 ovanfor.*
5. *I forslag til verneforskrift er formålet med Giske marine verneområde å ta vare på dei spesielle botntilhøva og det tilhøyrande rike og mangfaldige plante- og dyrelivet (...). Vidare vil vegetasjonen, medrekna tang, tare og andre marine planter, vere verna mot skade og øydelegging, jf. § 3 i forslaget. Som eit utgangspunkt må ein difor legge til grunn at tarehausting er i strid med verneformålet. Av omsyn til ressurstilgangen for næringa følgjer det trass i dette av tilrådinga frå rådgjevande utval at tarehaustinga i delar av Giske marine verneområde kan halde fram. Vår vurdering av kva område dette bør vere går fram av kap. 5.3 i høyringsforslaget.*
6. *Etter vår vurdering er det innanfor rammene gitt i tilrådinga frå rådgjevande utval klart at det er behov for å sette av større soner utan tarehausting innanfor Giske marine verneområde. Grunnlaget for foreslått sone med forbod mot tarehausting går fram av kap. 5.3 i høyringsforslaget, jf. også kap. 6.5 om verknader.*

### GreenCycle AS, uttale 09.05.2019

1. Gjer merksam på at dei har løyve til dyrking av makroalgar på lokalitet 39017 Vikane. Lokaliteten ligg innanfor område NFFFA\_6 i gjeldande kommuneplan for Giske.

2. Legg fram skisser for mogleg utviding av NFFFA-området ved revisjon av kommuneplanen.
3. Ønsker å delta i arbeidsgruppe.
4. Gir ein gjennomgang av ulike sider ved dyrkingsteknologi og element knytt til drift og miljøeffektar.
5. Meiner anlegget er positivt for fiske rundt anlegget.

*Statsforvaltaren si vurdering*

1. *Tatt til vitande. Ev. drift på lokaliteten kan halde fram innanfor dei konsesjonsrammene som gjeld på vernetidspunktet.*
2. *Eventuelle utvidingar av NFFFA-område må vurderast i kommuneplanprosessen. Verneforskrifta gir opning for å gi dispensasjon for akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet. Den konkrete vurderinga blir gjort ved enkeltsakhandsaming.*
3. *Nordi Ocean AS har vore invitert til alle aktuelle møte.*
4. *Tatt til vitande.*
5. *Tatt til vitande.*

**Bernt Fredrik Blindheim og Erik Andreas Blindheim, uttale 15.05.2019**

1. Hamneområdet Blindheim kan ha behov for utviding om bruken av området aukar.
2. Foreslår at Molnesrevet og området rundt Rosholmen blir omfatta av marint vern ut i frå at det er store grunne område med rikt dyre- og fugleliv.
3. Ønsker større restriksjonar for taretrålinga innanfor verneområdet av omsyn til sjøfugl og ilanddriven tare på strender i området.

*Statsforvaltaren si vurdering*

1. *Statsforvaltaren har ikkje fått signal om auka arealbehov for hamneområdet frå Giske kommune eller brukarar av hamna.*
2. *Området utover Molnesrevet mot Rosholmen består etter resultatet av dei marine grunnkartleggingane og naturtypemodelleringane av mykje sand/skjelsand aust om revet, og grus/stein/blokk vest om revet. I dei vestlege delane og rundt Rosholmen er det predikert tareskog, noko som også er i samsvar med tarehaustingsaktivitet. Statsforvaltaren finn at tilsvarande kvalitetar er godt representert innanfor rådgjevande utval si tilrådde avgrensing, og vi finn difor å legge denne til grunn for arbeidet med verneplanen.*
3. *Verneplanen foreslår ei større sone med forbod mot taretråling. Sjå kap. 5.3 i verneforslaget for nærare vurdering av omfanget av denne sona.*



## 3. Vedlegg

### 3.1 Innkomne merknader ved høring

#### Avsendarar

- Giske kommune, vedtak 14.11.2024, sak 106/24
- Haram kommune, uttale 21.10.2024
- Møre og Romsdal fylkeskommune, vedtak 28.10.2024, sak 148/24
- Fiskeridirektoratet, uttale 29.10.2024
- Kystverket, uttale 05.11.2024
- Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), uttale 27.09.2024
- Linja AS, uttale 04.09.2024
- Statnett, uttale 30.08.2024
- Direktoratet for mineralforvaltning, uttale 29.10.2024
- Statens vegvesen, uttale 29.10.2024
- Havforskningsinstituttet (HI), uttale 11.11.2024
- NTNU Vitenskapsmuseet, uttale 30.10.2024
- Iff N&H Norway AS, uttale 31.10.2024
- Sør-Norges Fiskarlag, uttale 29.10.2024
- 62°Nord AS, uttale 13.09.2024
- Sunnmøre ringmerkingsgruppe, Blindheim Vel m.fl., uttale 31.10.2024
- Knut Støbakk, uttale 23.09.2024
- Hans-Jonny Blindheimsvik m.fl., uttale 29.10.2024



## SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske formannskap	11.11.2024	122/24
Giske kommunestyre	14.11.2024	106/24

### Høyring av forslag til vern av Giske marine verneområde

#### Innstilling:

Giske kommunestyre meiner Giske marine verneområde er eit viktig område for både naturvern og berekraftig forvaltning av marine ressursar.

Med bakgrunn i at det framleis er usikkerheit knytt til dei langsiktige effektane av taretråling på marine økosystem og betydninga av taretråling på bølgedemping, vil Giske kommunestyre legge føre-var-prinsippet til grunn og forby taretråling innafør Giske marine verneområde.

#### 14.11.2024 Giske kommunestyre

Ernst Valderhaug (KrF) vart innvilga permisjon for resten av møtet.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes godkjend.  
22 voterande.

#### K - 106/24 Vedtak:

Giske kommunestyre meiner Giske marine verneområde er eit viktig område for både naturvern og berekraftig forvaltning av marine ressursar.

Med bakgrunn i at det framleis er usikkerheit knytt til dei langsiktige effektane av taretråling på marine økosystem og betydninga av taretråling på bølgedemping, vil Giske kommunestyre legge føre-var-prinsippet til grunn og forby taretråling innafør Giske marine verneområde.

Giske kommune anbefalar Statsforvaltaren å utvide vernesona for Giske marine verneområde slik at denne inkluderer sjøareala utanfor Alnes. Dette for at området samsvarer med avgrensinga for Alnes i Utvalde kulturlandskap i jordbruket og Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i Møre og Romsdal.

## **11.11.2024 Giske formannskap**

Tilleggsforslag frå Harry Valderhaug (KrF): Giske kommune anbefalar Statsforvaltaren å utvide vernesona for Giske marine verneområde slik at denne inkluderer sjøareala utanfor Alnes. Dette for at området samsvarer med avgrensinga for Alnes i Utvalde kulturlandskap i jordbruket og Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i Møre og Romsdal. Innstillinga med tilleggsforslag vart samrøystes godkjend.

### **F - 122/24 Vedtak:**

#### **Tilråding:**

Giske kommunestyre meiner Giske marine verneområde er eit viktig område for både naturvern og berekraftig forvaltning av marine ressursar.

Med bakgrunn i at det framleis er usikkerheit knytt til dei langsiktige effektane av taretråling på marine økosystem og betydninga av taretråling på bølgedemping, vil Giske kommunestyre legge føre-var-prinsippet til grunn og forby taretråling innafør Giske marine verneområde.

Giske kommune anbefalar Statsforvaltaren å utvide vernesona for Giske marine verneområde slik at denne inkluderer sjøareala utanfor Alnes. Dette for at området samsvarer med avgrensinga for Alnes i Utvalde kulturlandskap i jordbruket og Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i Møre og Romsdal.

#### Vedlegg

giske-marine-verneomrade---informasjonsmote-17092024

0\_hoyringsbrev\_giske\_mvo\_august\_2024

1\_verneplanomtale\_giske\_mvo\_august\_2024

2\_utkast\_verneforskrift\_giske\_mvo\_august\_2024

3\_utkast\_vernekart\_alternativ\_1\_giske\_mvo\_august\_2024

4\_utkast\_vernekart\_alternativ\_2\_giske\_mvo\_august\_2024

5\_merknadshefte\_giske\_mvo\_etter\_oppstart

Oversending av innkomne uttalar til høyring av forslag til vern av Giske marine verneområde

KMD brev KPA Roan og Osen oktober 2020

KMD brev KPA Roan april 2020

Merknad frå Giske kommune om \_Oppstartsmelding - arbeid med marint vern i Giske kommune\_ (1)

#### **Innleiing:**

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har sendt forslag til vern av Giske marine verneområde ut på offentleg ettersyn med merknadsfrist 31.10.2024.

Giske kommune har fått forlenga merknadsfrist til behandling i formannskapet den 11. november og kommunestyret den 14. november.

**Saksutgreiing:**

Statsforvaltaren melde i 2019 oppstart av marint vern i Giske kommune i samsvar med naturmangfaldova § 42. Utgreiingsområdet er på omlag 68 kvadratkilometer og målet er å ta vare på dei spesielle botnforholda og det tilhøyrande rike- og mangfaldige plante- og dyrelivet som er karakteristisk for naturtypar i grunne område. I samband med oppstartsmeldinga vedtok Giske formannskap i møte den 03.06.2019, sak nr. 073/19, å vise til saksutgreiinga som sine merknader til saka, sjå vedlagt saksdokument.

**Heimelsgrunnlaget:**

Naturmangfaldlova § 43

**Vurdering:**

I Giske kommune sin merknad til oppstartsvarselet var det ønskje om å innlemme Storholmen naturreservat og Roaldsand fuglefredningsområde i verneforslaget. Desse to områda vart ikkje tatt med då dei ikkje hadde tilstrekkeleg naturverdiar som rådgjevande utval vektla. Statsforvaltaren viser i svara til rådgjevande utval, - der er ikkje Giske kommune med. Taretråling er eit sentralt tema i denne saka. Det er fleire uheldige sider ved taretråling og særleg innafor eit så sårbart område som dette. Tap av habitat, redusert biodiversitet, lang gjenopprettingstid og redusert bølgevern med landerosjon er alle negative effektar. Kunnskapsgrunnlaget om effektane av tarehausting på anna naturmangfald enn taren sjølv er svært mangelfullt. Giske kommune har 7 reservat og 5 verneområde, og 6 av desse er verna under Ramsarkonvensjonen. Områda ligg i og tett på forslaget til Giske marine vernområde.

Tareskogen fungerer som viktig leveområde for mange marine artar som igjen er viktig føde for sjøfugl. Vidare bidrar tareskogen til eit rikt og variert økosystem som støttar eit mangfald av artar. Ved å halde vedlike eit rikt marint økosystem bidrar tareskogen til auka biologisk mangfald som kan ha positive ringverknader på land. Taretråling er ein fornybar ressurs, men før heile floraen og faunaen i tareskogen er fullt reetablert kan det ta minst 6-7 år. Prosessen med verneområdet har så langt vist at svært mange av innbyggjarane i Giske kommune er negative til taretråling i det heile innafor foreslått verneområde. Det skal ikkje lagast konsekvensutgreiing for marint vern ved Giske. Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan for Giske marine verneområde.

Taretråling som tiltak blir regulert av tre ulike lover i samvirke:

Havressurslova er ei norsk lov sektorlov som regulerer uttak og forvaltning av marine ressursar i Norge. Formålet med havressurslova er å sikre ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av dei viltlevande marine ressursane og det tilhøyrande genetiske materialet. Den skal også bidra til å sikre sysselsetting og busetting i kystsamfunna. Lova regulerer korleis marine ressursar som fisk, sjøpattedyr, tang og tare og

andre marine ressursar kan haustast og utnyttast. Vidare regulerer havressurslova kvoter, kontroll og handheving for å sikre at reglane blir følgde, samt at den regulerer tiltak mot ulovleg fiske. Lova blir forvalta av Nærings- og fiskeridepartementet og kompetansen til å fastsette forskrift om tarehausting er delegert til Fiskeridirektoratet.


Plan- og bygningslova (pbl.) er ei prosesslov og lova for samordning av og avvegning av samfunnsinteresser generelt og arealbruk spesielt. Kommunen har ansvar for forvaltninga av areal og naturressursar, naturtypar og artar innan eige planområde.

Naturmangfaldlova (nml.) er ei sektorovergripande lov. Så lenge naturmangfald blir berørt skal prinsippa i §§ 8-12 leggest til grunn. Desse er:

- Kunnskapsgrunnlaget (§8)
- Føre-var-prinsippet (§9)
- Økosystemtilnærming og samla belastning (§10)
- Kostnadane med miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§11)
- Miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar (§12)

Desse prinsippa skal sikre at naturmangfald blir ivaretatt på ein berekraftig måte i alle offentlige vedtak.

Roan kommune, idag Åfjord kommune, har ein rettskraftig kommuneplan (Kommuneplanens arealdel Roan kommune 2019-2030) der det er avsett viktige område for tare kombinert med formål fiske-, ferdsel-, friluft- og naturområde i sjø og vassdrag (FFFN). I føresegnene til arealplanen står det under tarehausting at hausting av tare ikkje skal tillatast i FFFN-områder. Bestemmelsen gjeld frå ikrafttreding av ny taretråleforskrift og er å sjå på som ei retningslinje inn til den tid. Fiskeridirektoratet hadde innsigelse til arealplanen, men Kommunal og moderniseringsdepartementet har i brev datert 06.10.2016 avklart juridiske problemstillingar som oppsto i samband med vedtaket. Nærings- og fiskeridepartementet har i brev til Kommunal og moderniseringsdepartementet, brev datert 03.10.2019, anmoda om at innsigelsen til kommuneplanen sin arealdel for Roan kommune blir realitetsbehandla. Bakgrunn for brevet var at Fylkesmannen i Trøndelag avskar nevnte innsigelse frå Fiskeridirektoratet. Kommunal- og moderniseringsdepartementet held fast på synspunkta som kjem fram i brevet, der det blir lagt vekt på at plan- og bygningslova og havressurslova gjeld side om side. Konklusjonen til Kommunal- og moderniseringsdepartementet er at det ikkje er aktuelt å innkalle arealplanen etter plan- og bygningslova § 11-16 tredje ledd. (Dei to breva det er vist til frå Kommunal - og moderniseringsdepartentet følgjer vedlagt).



Tareskog i Giske kommune (Naturbasen)

Miljødirektoratet sin kartløyning Naturbase viser kor registrerte tareforekomstar er klassifisert som svært viktige, viktige eller lokalt viktige for biologisk mangfald. Tareforekomstar klassifisert som svært viktige er samanfalande med det ein anser å vere dei viktigaste beiteområda for sjøfugl og dei viktigaste tareområda i tilknytning til gytefelt. Desse bør derfor skjermast. For Giske kommune viser naturbasen at alle større tareskogforekomstar er klassifisert med verdi svært viktig, også dei med brun tjukk strek.

Marin-tare, spesielt tareskogar, er svært viktige for økosystemet i Giske kommune av fleire grunnar:

**Biodiversitet:** Tareskogar gir leveområde og er vern for mange marine artar, inkludert fisk, krepsdyr og blautdyr.

**Fiskeri:** Dei fungerer som oppvekstområde for kommersielt viktige fiskeartar, noko som støttar lokale fiskeri.

**Karbonlagring:** Tare bind karbon og bidrar til å redusere mengda karbondioksid i atmosfæra, noko som er viktig i kampen mot klimaendringar.

**Kystvern:** Tareskogar dempar bølgeenergi og vernar kystlinja mot erosjon.

Desse funksjonane gjer tareskogar til ein nøkkelkomponent i det marine økosystemet og er viktige for både miljøet og lokalsamfunnet i Giske kommune.


Generelt er det mangelfull kunnskap om økologien i og rundt tareskogen. Det er også for lite kunnskap om tareskogen som bølgevern, meir forskning må til.

Høytinga no er ei anledning for Giske kommune til få fremma sitt syn om taretrålfritt verneområde. Giske kommune kan og i utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel gjere som Roan kommune har gjort for å forby taretråling i sårbare område.

Økonomiske konsekvensar:

Saka har ikkje direkte kostnadar utover saksbehandling.









Tilknytning til kommuneplan:





FN sine bærekraftsmål:

SYMBOL	TITTEL	DENNE SAKA SI TILKNYTING
	UTRYDDE FATTIGDOM	
	UTRYDDE SVOLT	
	GOD HELSE	
	GOD UTDANNING	
	LIKESTILLING	
	REINT VATN OG GODE SANITÆRTILHØVE	
	REIN ENERGI	



 <p>8 ANSTENDIG ARBEID OG ØKONOMISK VEKST</p>	<p>ARBEID OG ØKONOMISK VEKST</p>	
 <p>9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR</p>	<p>INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR</p>	
 <p>10 MINDRE ULIKHET</p>	<p>MINDRE ULIKSKAP</p>	
 <p>11 BÆREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN</p>	<p>BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN</p>	
 <p>12 ANSVARLEG FORBRUK OG PRODUKSJON</p>	<p>ANSVARLEG FORBRUK OG PRODUKSJON</p>	
 <p>13 STOPPE KLIMAENDRINGANE</p>	<p>STOPPE KLIMAENDRINGANE</p>	<p>Tareskogar er svært effektive til å fange og lagre karbon frå atmosfæra. Dette bidrar til å redusere mengda klimagassar og dermed bremse global oppvarming. Tareskogar er habitat til mange marine artar, noko som bidrar til økosystemet si helse og motstandskraft mot klimaendringar.</p>
 <p>14 LIVET I HAVET</p>	<p>LIVET I HAVET</p>	<p>Tareskogar har ei svært viktig tilknytning til livet i havet. Dei gir heim og mat til eit stort mangfald av marine artar. På havbotnen under taren og på tarestilken veks det mange mindre algar, som igjen er mat for mindre krepsdyr og blautdyr. Desse smådyra tiltrekkjer seg større fisk og sjøfugl, som finn mat i tareskogen. Den tette tareskogen gir vern mot rovdyr for mange fiskeartar og er ein trygg stad å vekse opp for yngel. Tareskogar bidrar til å oppretthalde økologisk balanse ved å støtte eit rikt biologisk mangfald, dei er også viktig for å stabilisere havbotnen og redusere erosjon. Tareskogar er viktige produsentar av oksygen i marine økosystem, noko som er essensielt for livet i havet.</p>
 <p>15 LIVET PÅ LAND</p>	<p>LIVET PÅ LAND</p>	<p>Dette målet handlar primært om terrestriske økosystem, men er også relevant for kystnære marine miljø. Det fremmar berekraftig bruk av økosystem og bekjempar tap av biologisk mangfald, som inkluderer tareskog. At tareskogane bidrar til å motvirke klimaendringane har positive effektar på landbaserte økosystem og menneskelig aktivitet. Tareskogar dempar bølgeenergi og vernar kystlinjer mot erosjon og stormskadar som kan bli meir intense med klimaendringane. Dette er viktig for mellom anna å bevare kystnære habitat.</p>

 <p>16 FRED, RETTFERDIGHET OG VELFUNGGERANDE INSTITUSJONER</p>	<p>FRED, RETTFERD OG VELFUNGGERANDE INSTITUSJONAR</p>	
 <p>17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLENE</p>	<p>SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA</p>	

Berekraftsmåla 13, 14 og 15 bidrar til å skape heilheitleg tilnærming til marine ressursar, inkludert tareskog, ved å fremme berekraftige praksisar og verne tareskog.

**Kommunedirektøren sin konklusjon:**

Komunedirektøren meiner Giske marine verneområde er unikt og at det er viktig å sikre for framtida. Truslar som taretråling, forureining, klimaendringar og overfiske understrekar viktigeita av å bevare det unike marine miljøet. Prosessen har vist at kunnskapen om langsiktige effektar av taretråling på naturmangfaldet er funne mangelfull, også taren sin funksjon som bølgedempar. Kommunedirektøren meiner derfor kommunen skal nytte føre - var - prinsippet og ikkje tillate taretråling innafor Giske marine verneområde.

g

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL  
Postboks 2520  
6404 MOLDE

Dykkar referanse:  
2024/25578

Vår referanse:  
24/3324, 24/19265

Arkivkode:  
K12 &13

Dato:  
21.10.2024

## Høring av forslag til vern av Giske marine verneområde

Haram kommune har gått igjennom informasjonen og har ingen merknadar til forslag til vern av Giske marine verneområde.

Med helsing  
Hege C Sandnes Gjøsund  
seniorrådgjevar  
Plan

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*

**Kopi til:**  
Bent Leite



## Saksframlegg

Dato                      Referanse                      Saksbehandlar  
07.10.2024                      24/7816- 4                      Lisbeth Nervik

Saksnr.	Utval	Møtedato
55/24	Kultur- og folkehelseutvalet	22.10.2024
67/24	Kompetanse- og næringsutvalet	24.10.2024
148/24	Fylkesutvalet	28.10.2024

## Høyring - Giske marine verneområde

### Fylkesutvalet 28.10.2024 - sak 148/24

#### Behandling

**Fylkeskommunedirektøren sin merknad og innstilling , foreslått av Fylkeskommunedirektøren**

- Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til forslaget til vern i Giske marine verneområde.
- Møre og Romsdal fylkeskommune anbefaler Statsforvalteren å utvide vernesona for Giske marine verneområde slik at denne inkluderer sjøareala utanfor Alnes. Dette for at område samsvarer med avgrensinga for Alnes i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i Møre og Romsdal.
- Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer alternativ 2 til å vere den beste avgrensing av verneområde.

#### **Endring i punkt 3: Vernesone 1 , foreslått av Marit Aklestad, SV - Sosialistisk Venstreparti**

Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer alternativ 1 til å vere den beste avgrensing av verneområde.

#### **Tillegg til punkt 3, foreslått av Pål Farstad, Venstre**

Utvide vernesona til å dekke sjøareala rundt Alnes (Jf bilde 3 i saka). Alnes har status som utvalgt naturlandskap, og taretråling rundt Alnes skal ikkje tillatast.

**Votering nr 1** - Voting over punkter

Punkt: **Innstillinga frå fylkeskommunedirektøren punkt 1 og 2**

**For:** 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 2, SV 1, V 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

-----

**Votering nr 2** - Voting over forslag

**Fylkeskommunedirektøren si innstilling punkt 3 :** 10 stemmer (77%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, SP 2

Fylkeskommunedirektøren

**Endring i punkt 3: Vernesone 1 :** 3 stemmer (23%) - MDG 1, SV 1, V 1

Marit Aklestad (SV)

-----

**Votering nr 3** - Voting over forslag

Forslag: **Tillegg til punkt 3**

Pål Farstad (V)

**For:** 6 stemmer (46%) - AP 2, KRF 1, MDG 1, SV 1, V 1

**Mot:** 7 stemmer (54%) - FRP 3, H 2, SP 2

**Vedtak:**

- Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til forslaget til vern i Giske marine verneområde.
- Møre og Romsdal fylkeskommune anbefaler Statsforvalteren å utvide vernesona for Giske marine verneområde slik at denne inkluderer sjøareala utanfor Alnes. Dette for at område samsvarer med avgrensinga for Alnes i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i Møre og Romsdal.
- Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer alternativ 2 til å vere den beste avgrensing av verneområde.

**Kompetanse- og næringsutvalet 24.10.2024 - sak 67/24**

**Behandling**

**Forbud om taretråling utenfor Alnes, foreslått av Dorte Klokk, Kristelig Folkeparti**

Møre og Romsdal fylkeskommune vil anbefale Statsforvalteren å forby taretråling i sjøareala utenfor Alnes.

Forslaget blei seinare trekt.

### **Vernesone 1, foreslått av Dorte Klokk, Kristelig Folkeparti**

Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer alternativ 1 til å være den beste avgresning av verneområde.

### **Tilleggspunkt til kulepunkt 3 (V og KRF) , foreslått av Kari Grindvik, Venstre**

Utvide vernesona til å dekke sjøareala rundt Alnes (Jfr bilde 3 i saka). Alnes har status som «utvalgt naturlandskap» og taretråling rundt Alnes skal ikkje tillatast.

### **Votering nr 1 - Votering over punkter**

Punkt: **Fylkeskommunedirektøren si innstilling punkt 1 og 2**

**For:** 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, SP 2, SV 1, UAVH 1, V 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

-----

### **Votering nr 2 - Votering over forslag**

**Vernesone 1:** 3 stemmer (23%) - KRF 1, SV 1, V 1

Dorte Klokk (KRF)

**Fylkeskommunedirektøren si innstilling punkt 3:** 10 stemmer (77%) - AP 2, FRP 3, H 2, SP 2, UAVH 1

-----

### **Votering nr 3 - Votering over forslag**

Forslag: **Tilleggspunkt til kulepunkt 3 (V og KRF)**

Kari Grindvik (V), Andre parti: KRF

**For:** 3 stemmer (23%) - KRF 1, SV 1, V 1

**Mot:** 10 stemmer (77%) - AP 2, FRP 3, H 2, SP 2, UAVH 1

### **Tilråding:**

- Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til forslaget til vern i Giske marine verneområde.

- Møre og Romsdal fylkeskommune anbefaler Statsforvalteren å utvide vernesona for Giske marine verneområde slik at denne inkluderer sjøareala utanfor Alnes. Dette for at område samsvarer med avgrensinga for Alnes i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i Møre og Romsdal.
- Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer alternativ 2 til å vere den beste avgrensing av verneområde.

## **Kultur- og folkehelseutvalet 22.10.2024 - sak 55/24**

### **Behandling**

#### **Vernesone utvidast til å dekke sjøareala rundt Alnes, foreslått av Victoria Smenes, Kristelig Folkeparti**

Tillegg til siste kulepunkt;

Vernesone utvidast til å dekke sjøareala rundt Alnes (Jfr bilde 3). Alnes har status som «utvalgt naturlandskap» og taretråling rundt Alnes tillatast ikkje.

Oskar Grimstad (FRP) fekk innvilga permisjon før behandlinga av saka og gjekk frå møtet kl 14.35.

11 voterande tilstades.

Rådgivar fiskeri og havbruk Lisbeth Nervik svarte på spørsmål.

### **Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Fylkeskommunedirektøren si innstilling:**

**For:** 11 stemmer (100%) - AP 2, FRP 1, H 2, KRF 1, NML 1, SP 2, SV 1, V 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

-----

### **Votering nr 2 - Votering over forslag**

Forslag: **Vernesone utvidast til å dekke sjøareala rundt Alnes**

Victoria Smenes (KRF), Andre parti: V, H, FRP

**For:** 11 stemmer (100%) - AP 2, FRP 1, H 2, KRF 1, NML 1, SP 2, SV 1, V 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)



## Tilråding:

- Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til forslaget til vern i Giske marine verneområde.
- Møre og Romsdal fylkeskommune anbefaler Statsforvalteren å utvide vernesona for Giske marine verneområde slik at denne inkluderer sjøareala utanfor Alnes. Dette for at område samsvarer med avgrensinga for Alnes i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i Møre og Romsdal.
- Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer alternativ 2 til å vere den beste avgrensing av verneområde. Vernesone utvidast til å dekke sjøareala rundt Alnes (Jfr bilde 3). Alnes har status som «utvalgt naturlandskap» og taretråling rundt Alnes tillatast ikkje.

## Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

- Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til forslaget til vern i Giske marine verneområde.
- Møre og Romsdal fylkeskommune anbefaler Statsforvalteren å utvide vernesona for Giske marine verneområde slik at denne inkluderer sjøareala utanfor Alnes. Dette for at område samsvarer med avgrensinga for Alnes i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i Møre og Romsdal.
- Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer alternativ 2 til å vere den beste avgrensing av verneområde.

## Bakgrunn

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal la 21. august i år fram «[Forslag til vern av Giske marine verneområde](#)» på høyring. Høyringsfrist er 31. oktober 2024.

Miljødirektoratet fekk i 2017 beskjed om å vidareføre arbeidet med marint vern i sju nye områder av Klima- og miljødepartementet. Tre av dei sju nye områda er i Møre og Romsdal, og er lokalisert til Giske, Griphølen og Remman. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er delegert det praktiske arbeidet med å utarbeide verneplanomtale, forslag til verneforskrift og vernekart for områda, medan Miljødirektoratet er fagleg ansvarleg for arbeidet.

Marine verneområde vert oppretta for å verne marine verneverdiar, eller verdiar som er økologisk betinga for artar som lever på land. Kriteria for å opprette marine verneområde er felles med kriteria for naturreservat. I tillegg kan marine verneområde opprettast for å bevare særigne eller representative økosystem utan tyngre naturinngrep. Dei kan også opprettast for å bevare økologiske funksjonsområde for ein eller fleire artar. Verneformålet kan gjelde enten sjøbotn, vassøyla eller overflata, eller ein kombinasjon av desse. (Kjelde: Miljødirektoratet)

I følgje forslag til forskrift om vern er formålet: «Formålet med Giske marine verneområde er å ta vare på eitt av dei få områda i Sør-Noreg med store grunne areal med stein-, sand- og mudderbotn, plante- og dyrelivet som lever på og i botnen, og dei spesielle geologiske og

hydrodynamiske forholda som har skapt og opprettheld naturtypene. Det er godt utvikla tareskog i store deler av området, og den marine floraen og faunaen består av eit rikt mangfold av artar karakteristisk for grunne område med sand, grus, stein og fjell. Dei marine naturkvalitetane er også grunnlag for viktige funksjonsområde for m.a. sjøfugl, ender og vadarar. Det er ei målsetting å behalde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad. Området skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking, delar av området som referanseområde for å kunne studere effektar av taretråling.


Verneformålet knyter seg til sjøbotnen, vassøyla og sjøoverflata»

Området som er føreslått verna i Giske marine verneområde er om lag 68,4 km<sup>2</sup>, og området er innanfor og nær fleire allereie oppretta verneområde. Dei fleste av desse verneområda har som hovudmål å verne for fugl, og seks av verneområda har status som Ramsar-område dvs. internasjonalt viktige våtmarksområde. Områda er samla registrert som Giske våtmarkssystem.

Då området er under 250 km<sup>2</sup> vert ikkje marint vern ved Giske konsekvensutgreidd jf. forskrift om konsekvensutgreingar. Verknadane av verneområdet vert derimot utgreidd gjennom den ordinære verneplanprosessen og i samsvar med utgreiingsinstruksen.


Det er utarbeida to forslag til verneområde, der totalavgrensinga for områda er lik. Restriksjonssjona med forbod mot taretråling er derimot ulikt, markert som sone A. Det vil vere lov å tråle etter tare i verneområdet som ikkje er markert som sone A.

## Alternativ 1



Bilete 1

## Alternativ 2



## Bilete 2

Verknaden av verneområde er greidd ut for følgende område:

- Naturmiljø
- Fiskeri
- Kulturmiljø
- Friluftsliv
- Utnytting av tareressursar
- Akvakultur
- Skjelsand- og mineralutnytting
- Reiseliv
- Energiproduksjon
- Samferdsel

## Vurdering

I desember 2022 slutta Noreg seg i lag med mange land i FN til Naturavtalen, også kjent som Kunming-Montreal Global Biodiversity Framework (GBF). Avtalen har som mål å stanse tapet av biologisk mangfald og gjenopprette øydelagt natur innan 2030.

Naturavtalen har fire mål og 23 delmål, der fleire omhandlar biologisk mangfald og vern i sjø og hav:

- **Verne 30 prosent av havområda:** Innan 2030 skal minst 30 prosent av verdas havområde vernast for å beskytte marine økosystem og arter.
- **Restaurere øydelagt natur:** 30 prosent av øydelagt marine og kystnære økosystem skal restaurerast innan 2030.
- **Berekraftig forvaltning:** All bruk av marine ressursar skal vere berekraftig, trygt og lovleg.
- **Redusere forureining:** Tiltak for å redusere forureining, inkludert plast og kjemikaliar, som påverkar marine økosystem.

## Verknaden av verneplanen

### Om naturmiljø

Forslaget til vern av Giske marine verneområde har som mål å beskytte eit av de få områda i Sør-Norge med store grunne areal med stein-, sand- og mudderbotn. Området har eit mangfald av naturtypar som til dømes tareskogar, blautbotn og skjelsand. Dette er viktig habitat for plante- og dyrelivet som lever på og i botn, samt at grunnvassområde i randsona til land er habitat for mange sjøfuglar. Det føreslåtte verneområdet kan derfor sjåast i samanheng med Ramsar-område på land (Giske våtmarkssystem), eit havstrandreservat og to sjøfuglreservat.

Eit marint vernet vil forhindre større inngrep, og forslaget legg blant anna opp til at omtrent halve området få forbod mot taretråling. Fiske vil ikkje verte påverka, bortsett frå fiske med trål.

Alternativ 1 for sone med tarehaustingsforbod er noko større enn alternativ 2, og vert vurdert til å ha vesentleg større naturverdi sidan det inkluderer Giskerevet som har tettare tareskog. Giskerevet vert peika ut som viktig for sjø- og våtmarksfugl. Alternativ 2 er noko mindre enn alternativ 1, og opnar for å hauste nær Synesvågen naturreservat. Tarehaustingsforbod for alternativ 1 vil derfor ha større effekt på naturmiljøet enn alternativ 2. Uavhengig av alternativa vil verneforslaget ha positivt effekt for naturmiljøet.

### Om fiskeri

Når det gjeld fiskeri, er det ikkje innført spesifikke restriksjonar på fiskeaktivitetar i området utanom botntråling som vert forbode. Kommersiell fiskeriaktivitet i dag er i hovudsak knytt til fiske etter ulike artar med bruk av snurrevad og line, samt låsettingsplass for pelagisk fisk. Vernereglane vil ikkje vere til hinder for desse aktivitetane.

I tillegg opnar verneforskrifta for søk etter og oppreinsking av tapte fiskereiskap, ferdsel og oppankring med båt eller andre fartøy, etablering av mindre fortøyingsfeste for småbåt og lagring av snurrevadtau eller liknande på sjøbotnen. Det er ikkje registrert gytefelt eller oppvekstområde for kommersielle artar innanfor føreslått verneområdet.

Sidan verneforskrifta ikkje innfører nye restriksjonar for fiskeria, vil fiskarane kunne fortsette sin aktivitet utan store endringar. Fylkeskommunedirektøren registrerer også at det vert konkludert med at verneforslaget vil ha positiv verknad for fiskeriinteressene i høyringsdokumentet, blant anna ved at vern vil styrke oppvekstvilkåra for fisk til fordel for fiskerinæringa.

## Om kulturmiljø

Giske er eit område med svært mange automatisk freda kulturminne jf. kulturminnelova, og det er naturleg å anta at det også er kulturminne som til dømes vrak eller gamle låsettingsplassar for fisk under vatn. Vi har derimot ikkje utfyllande register over dette, og det finst heller ikkje offentleg tilgjengeleg kartløyisingar til dette føremålet. Det marine vernet vert derfor vurdert til også å skåne kulturminne på botnen betre mot skade som følgje av til dømes ulike tekniske inngrep som til dømes taretråling. For marine kulturminne vurderer derfor fylkeskommunedirektøren verneforslaget til å ha positiv effekt.


Vi vil også oppmode om å utvide verneområde til å inkludere sjøområda utanfor Alnes på Godøya. Området utanfor Alnes er med både i Utvalgt kulturlandskap i jordbruket (UKL), og Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i Møre og Romsdal (KULA). Her er det fiskarbondelandskapet som er av nasjonal interesse, dvs. der folk har levd av ein kombinasjon av jordbruk, fiske og fangst. Landsida på Alnes er verna gjennom detaljreguleringsplan og kommuneplan, og her ligger det ein vedtaksfreda fyrstasjon og i 2016 vart det opna eit opplevingssenter her. For å bevare dei nasjonale verdiane til kulturlandskapet på Alnes er det essensielt at vi bevarer koplinga mellom landdelen og sjødelen. Eventuelle nye visuelle utbyggingar i sjø, som til dømes opprettsanlegg vil kunne svekke desse verdiane som ligg til det opphavlege fiskarbondelandskapet. Fylkeskommunedirektøren anbefalar derfor sterkt at Statsforvaltaren utvidar vernesona slik at den inkluderer sjøareala utanfor Alnes, slik at den samsvarer med avgrensinga for UKL området og KULA jf. bilete 3.

## Utvalgte kulturlandskap

Utskriftsdato: 08.10.2024

### Alnes

ID	KU00000029
Jordbruksregion	Kysten fra Sør-Norge til Nordland
Landskapsregion	KystbygdeneVestlandet
Beskrivelse Landbruksdirektoratet	<a href="https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/miljo-og-klima/jordbrukets-kulturlandskap/utvalgte-kulturlandskap-i-jordbruket/dette-er-de-utvalgte-kulturlandskapene/alnes">https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/miljo-og-klima/jordbrukets-kulturlandskap/utvalgte-kulturlandskap-i-jordbruket/dette-er-de-utvalgte-kulturlandskapene/alnes</a>
Endringsbilder	<a href="https://ukl.ra.no/?landscape=Alnes">https://ukl.ra.no/?landscape=Alnes</a>
Areal fra kartobjekt (daa)	5 035,0
Kommuner	Giske (1532)



### Bilete 3

#### Om friluftsliv

Det er ikkje føreslått noko forbod opp mot friluftsliv i verneforslaget slik det er i dag, verken på eller under vatn. Eventuelle nye tekniske installasjonar kan derimot verte hindra i framtida jf. avsnitt om reiseliv. For friluftsliv vert verneforslaget vurdert til å ha positiv verknad.

#### Om utnytting av tareressursar

Hausting av tare blir regulert i forskrift av 13. juli 1995 nr. 642 om hausting av tang og tare. Det er Fiskeridirektoratet som forvaltar områda med tareskog, og kan i samråd med miljødirektoratet bestemme kor og når det kan trålast etter stortare. Tarehausting blir regulert gjennom fylkesvise regionale forskrifter, og kysten blir delt inn i haustefelt som opnast og stengast for tråling etter bestemte haustefrekvensar. Siste forskrift for Møre og Romsdal og Trøndelag vart vedteke av Fiskeridirektoratet 30.09.2024 med verknad frå 01.10.2024.

Møre og Romsdal har vore og er det fylket i Norge med størst aktivitet når det gjeld hausting av tare. Det har vore tråla etter tare i Møre og Romsdal i over 60 år. Sjøområda rundt Giske inneheld nokre av dei rikaste bestandane av stortare langs heile Norskekysten og er derfor også nokre av dei rikaste og beste haustefelta. I høyringsforslaget lanserer Statsforvaltaren to forslag



til område der det vil vere forbod mot å hauste tare innanfor verneområdet.

Fylkeskommunedirektøren vurderer at verneforslaget vil få store konsekvensar for taretrålnæringa, og tilrår at alternativ 2 vert valt slik at konsekvensane av tilgangen på mindre hausteareal vert så små som mogleg.

### **Om akvakultur**

Når det gjeld akvakultur så er det i det foreslegne verneområdet godkjent ei akvakulturlokalitet for tare dyrking. Ingen andre akvakulturlokaliteter er godkjent eller omsøkt i området.

Områda som er foreslått verna er store grunne område og/eller veldig eksponerte slik at med dagens oppdrettsteknologi så vil konsekvensane av verneforslaget for akvakulturnæringa etter vår vurdering vere små. Teknologiutviklinga skjer raskt og vi kan ikkje sjå bort i frå at det foreslegne verneområdet på sikt vil innehalde gode oppdrettslokalitetar.

### **Om skjelsand- og mineralutnytting**

Møre og Romsdal fylkeskommune vart konsesjonsmyndigheit for opptak av skjelsand i kystområda i fylket 01.01.2010. Vi har ikkje behandla ein einaste søknader i tida etter dette, og vi er derfor ikkje kjente med om det er interesser for uttak av skjelsand i verneområdet slik det er i dag. Vi er heller ikkje kjent med andre mineralinteresser i området, og marine grunnkart og berggrunnskarta for landareala viser ingen kommersielle mineralressursar for området. Sidan vi ikkje har noko mineralinteresser i område vurderer fylkeskommunedirektøren verneforslaget totalt sett å ha liten effekt, sjølv om forskrifta legg restriksjonar for eventuell framtidig utnytting av mineralske ressursar i verneområdet.

### **Om reiseliv**

Reiseliv er sterkt knytt til dei naturgitte kvalitetane området har å by på, og er derfor sterkt korrelert til verknadane av verneforslaget for dei andre interessene.

Verneforslaget legg som utgangspunkt ikkje opp til restriksjonar på reiselivsnæringa og dei installasjonane og inngrepa som allereie er til stades i området. Framtidige tekniske installasjonar og/eller inngrep kan potensielt rammast. Utkastet til verneforskrifta opnar derfor for å gje dispensasjon, og i § 5 ledd f) står det: «tekniske tiltak som inneber små inngrep på botnen, og som ikkje påverkar dei marine verneverdiane inkludert vassutskifting og straumforhold nemneverdig, medrekna mellom anna flytebrygger og fortøyingar». Reiselivsutbygging på land vil ikkje bli påverka av marint vern.

Fylkeskommunedirektøren vurderer ikkje verneforslaget til å ha negativ effekt på reiselivsnæringa, og vernet kan til og med seiast å vere positivt blant anna ved å styrke marknadsverdien for naturbasert reiseliv og profilering knytt til dette.

### **Om energiproduksjon**

Havområda utanfor Giske er ikkje identifisert som eit område for fornybar energiproduksjon i form av havvind i utgreiinga til NVE frå april 2023. Det føreligg heller ikkje planar om energiproduksjon i form av bølge- og tidevasskraft eller flytande solcelleanlegg som vi er kjent med. For eventuell framtidig kraftproduksjon kan det derimot søkast om dispensasjon jf.



forskriftutkast referert under reiseliv, samt at det vert opna for oppgradering og fornying av sjøkablar i § 5 ledd e) og legging av nye kablar i §5 ledd d). Fylkeskommunedirektøren vurderer ikkje verneforslaget til å ha effekt for energiproduksjonen i området.

### **Om samferdsel**

Delar av riksveg 658 går langs sjøen vest på Valderøya, og fylkesveg 5957 går mellom Valderøya og Giske. For riksveg 658 går grensa for verneforslag på det næraste knappe 120 meter frå brufyllinga over Gjø Sundet, og verneforslaget vil ikkje påverkar handlingsrommet for aktuelle tiltak her. Samtidig vert det opna for å tilpasse grensedraginga ved eventuell utfylling som kjem i konflikt med verneområdet frå land. For fylkesveg 5957 mellom Valderøya og Giske er grensa for verneområdet på det næraste knappe 50 meter frå bru og fyllingar, og verneforslaget vert ikkje vurdert som eit hinder for framtidig drift og vedlikehald av vegen.

Kystverket har i tillegg ulike navigasjonsinstallasjonar innanfor verneområdet, og det går fleire farleier i området. Det går også nokre sjøkablar gjennom området. Verneforskrifta opnar for vedlikehald av eksisterande navigasjonsinstallasjonar, og etableringa av ny kan det søkast om dispensasjon for. Det same gjeld for eksisterande sjøkablar.

Fylkeskommunedirektøren vurderer at verneforslaget har liten negativ eller ingen effekt for våre interesser på samferdsel.

### **Økonomiske konsekvensar**

Det er ikkje vurdert økonomiske konsekvensar for Giske marine verneområde.

Toril Hovdenak  
fylkeskommunedirektør

Erik Brekken  
kompetanse- og næringsdirektør

Fra: Lisbeth Nervik[Lisbeth.Nervik@mrfylke.no]

Sendt: 30.10.2024 11:06:45

Til: Postmottak SFMR[sfmrpost@statsforvalteren.no]

Tittel: 2018/3234 - Forslag om vern av Giske marine verneområde - Høyringsvar frå Møre og Romsdal fylkeskommune

---

Til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal fylkeskommune behandla høyringa «Forslag til vern av Giske marine verneområde» i fylkesutvalet i sak 148/24 den 28.10.2024.

Følgande vedtak vart gjort:

- Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til forslaget til vern i Giske marine verneområde.
- Møre og Romsdal fylkeskommune anbefaler Statsforvalteren å utvide vernesona for Giske marine verneområde slik at denne inkluderer sjøareala utanfor Alnes. Dette for at område samsvarer med avgrensinga for Alnes i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i Møre og Romsdal.
- Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer alternativ 2 til å vere den beste avgrensing av verneområde.

Saksframlegg og behandling av saka finn du [her](#).

Helsing Lisbeth

---

Lisbeth Nervik  
Rådgivar – marin og miljø  
Kompetanse- og næringsavdelinga  
Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf. 71 28 00 00 / 71 28 02 15

[lisbeth.nervik@mrfylke.no](mailto:lisbeth.nervik@mrfylke.no)

[mrfylke.no](http://mrfylke.no)



Møre og Romsdal  
fylkeskommune



Statsforvaltaren i Møre Og Romsdal  
Att:  
Postboks 2520  
6404 MOLDE

## Fiskeridirektoratets uttalelse til høring av forslag til vern av Giske marine verneområde – Møre og Romsdal fylke

Vi viser til høringsbrev datert 20.08.2024 om høring av forslag til Giske marine verneområde i Giske kommuner i Møre og Romsdal. Vi viser også til vår uttalelse til melding om oppstart av arbeid med marint vern datert 14.05.2019.

### Fiskeridirektoratets rolle i planarbeid

Fiskeridirektoratet har som formål å fremme lønnsom og verdiskapende næringsaktivitet gjennom bærekraftig og brukerrettet forvaltning av marine ressurser og marint miljø. Samfunnsoppdraget overlapper i stor grad med FNs bærekraftsmål nummer 14 «Bevare og bruke havet og de marine ressursene på en måte som fremmer bærekraftig utvikling». Vi skal ivareta fiskeri- og akvakulturnæringens interesser i planarbeid.

### Overordnede merknader

Fiskeridirektoratet har inntrykk av at prosessen har vært god fram til verneforslaget ble sendt til Miljødirektoratet for faglig gjennomgang. Deretter har ikke den forespeilede medvirkningen vært gjennomført slik prosessen var beskrevet i oppstartmeldingen i brev datert 15.03.2019. Det var også fastslått i mandatet til den nedsatte arbeidsgruppen at «*Gruppen vil få høringsdokumenter til gjennomlesning før utsendelse*», noen som heller ikke har vært tilfelle før høringen. Vår vurdering er derfor at forslag til opprettelse av sone med forbud mot taretråling burde vært diskutert og nærmere vurdert før den offentlige høringen.

I tildelingsbrevet for 2024 fra Nærings- og fiskeridepartementet til Fiskeridirektoratet står det at «Regjeringen vil legge til rette for mer næringsaktivitet knyttet til tang og tare og andre nye marine ressurser».

Fremtidig utvikling i taretrålnæringen kan være vanskelig å forutsi. Både med tanke på åpning av nye høstefelt og lukking av eksisterende, eventuell teknologiutvikling og nye aktører. Det gjør at det også kan være utfordrende å synliggjøre den samlede effekten det foreslåtte forbudet mot høsting av stortare vil kunne ha for næringsaktørene. Fiskeridirektoratet er generelt opptatt av at det ikke innføres et mer omfattende og strengere vern enn nødvendig, og at det tillates bærekraftig bruk av både de levende marine

ressursene og sjøarealene med metoder og i et omfang som ikke er til skade for verneformålet.

## Høringsdokument og planforslag

### Verneformål

Verneformålet er presentert i forslaget til verneforskrift vedlagt høringen, § 1 (formål):  
*«Formålet med Giske marine verneområde er å ta vare på eitt av dei få områda i Sør-Noreg med store grunne areal med stein-, sand- og mudderbotn, plante- og dyrelivet som lever på og i botnen, og dei spesielle geologiske og hydrodynamiske forholda som har skapt og opprettheld naturtypene. Det er godt utvikla taesskog i store deler av området, og den marine floraen og faunaen består av eit rikt mangfald av artar karakteristisk for grunne område med sand, grus, stein og fjell. Dei marine naturkvalitetane er også grunnlag for viktige funksjonsområde for m.a. sjøfugl, ender og vadarar. Det er ei målsetting å behalde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad. Området skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking, delar av området som referanseområde for å kunne studere effektar av taretråling.*

*Verneformålet knyter seg til sjøbotnen, vassøyla og sjøoverflata».*

Fiskeridirektoratet gir sin tilslutning til foreslått verneformål slik det framgår av foreliggende forslag.

### Avgrensing av Giske marine verneområde

I oppstartvarselet av planarbeidet i 2019 var planområdet beskrevet som cirka 68 km<sup>2</sup> stort. I høringsforslaget dekker forslag til avgrensning av det marine verneområdet et sjøareal på rundt 72,8 km<sup>2</sup>. Området er dermed blitt litt større og avviker noe fra det som ble meldt oppstart for i 2019 som fulgte rådgivende utvalg sin avgrensning.

Det er gjort tre endringer i avgrensningen sammenlignet med området slik det var utformet og beskrevet i oppstartmeldingen. Det er to tilpasninger slik at knekkpunkt skal bli enklere å oppfatte når de er plassert på kjente og lettplasserte geografiske steder i stedet for tilsynelatende mer tilfeldig i sjøen. Den tredje tilpasningen er at det marine verneområdet ikke overlapper med eksisterende verneområde, med unntak av dyrelivsfredningsområdet på Giske. Sjøarealet av disse verneområdene kommer til fratrukk i arealet som det ble meldt oppstart for og fra arealet foreslått av rådgivende utvalg. Dette utgjør cirka 4 km<sup>2</sup>. Totalt sjøareal underlagt vern blir likevel ikke påvirket.

Fiskeridirektoratet gir sin tilslutning til disse endringene.

### Sone med forbud mot taretråling

I rapporten «*Endelig tilråding med forslag til referanseområder*» fra Rådgivende utvalg for marin verneplan av 30. juni 2004, ble det anbefalt marin verneplan i kategori 3 «*Spesielle gruntvannsområder*» i Giske kommune, og foreslått taretrålfritt referanseområde.

Verneformålet for området i Giske er knyttet til å ivareta spesielle referanseområder med tanke på aktiviteten taretråling, og i det eller de spesielle referanseområdene skal det være forbud mot slik aktivitet. Et referanseområde skal tjene som grunnlag for å sammenligne status og utvikling i påvirkede områder med status og utvikling i områder med ingen eller liten påvirkning.



I oppstartvarselet til planarbeidet datert 15.03.2019 foreslo den gang Fylkesmannen i Møre og Romsdal at følgende tre områder ble utredet som referanseområder med tanke på taretråling; Erkna naturreservat, Langholmen naturreservat og Giskerevet. For Giskerevet skulle det vurderes et referanseområde på strekningen Giske vestsida til Erkna, fortrinnsvis i den nordvestlige delen av strekningen. Områdene på sørvestsida av revet kunne også være aktuelle.

Med tanke på behov for referanseområde for taretråling vil vi påpeke at Havforskningsinstituttet (HI) i sin uttalelse datert 08.05.2019 til oppstartmeldingen av planarbeidet klart uttalte at de har benyttet referanseområdet ved Erkna, og ønsket at restriksjonene på tarehøsting videreføres for dette området. Videre at dersom det skulle bli behov for å etablere ytterligere referansestasjoner innenfor verneplanområdet ved Giske vil Langholmen naturreservat være et aktuelt område. Videre at HI utover det ikke har behov for ytterligere referanseområder innenfor det foreslåtte verneplanarealet ved Giske i overvåkingssammenheng. Det er også viktig å merke seg deres innspill om at dersom det skulle opprettes nye referanseområder innenfor arealer der det ikke allerede foreligger eksisterende forbud mot tarehøsting, anbefaler de at det gjennomføres før- og etterundersøkelser for å studere eventuelle effekter av et slikt tiltak.

Vi er selvfølgelig enige i Statsforvaltarens vurdering på side 32 i verneplanomtalen om at omfanget av taretrålingsforbud ikke bare kan vurderes ut fra behovet for referanseområde, men også ut fra at det er en del av verneformålet å ta vare på godt utviklet tareskog. Vi kan derimot ikke si oss enige i at Statsforvaltaren i tillegg legger til grunn at det er nødvendig å avsette en svært stor sone med taretrålingsforbud innenfor Giske marine verneområde, og at sonen nødvendigvis må inkludere arealet med størst omfang av taretrålingsaktivitet.

Rådgivende utvalg påpekte at det i flere tilfeller vurderes som vanskelig å identifisere de deler av større områder som kan tjene som referanseområder i forhold til spesifikke aktiviteter. Utvalget pekte derfor på hvilke områder det kan være aktuelt å ha mindre referanseområder innenfor, for så å la den videre lokale og regionale prosessen frem mot høring avklare nærmere lokalisering. Utvalget la også lagt stor vekt på at det kan være aktuelt med sonering av mange av de store områdene, og at en slik sonering bør sees i sammenheng med referanseområder i forhold til utvalgte aktiviteter. Når det gjelder spesielle referanseområder for taretråling påpekes det at det bare er deler av tareskogen innenfor hvert av de prioriterte referanseområdene som foreslås som taretrålfrie referanseområder. Utvalget påpekte også at for å redusere den totale belastningen på næringen, burde utvelgelse av taretrålfrie referanseområder i marin verneplan i størst mulig grad samordnes med områder som allerede er stengt eller foreslått stengt gjennom andre prosesser enn marin verneplan.

Statsforvaltaren har forkastet forslag fra Akvaplan-niva om å etablere to alternative soner med forbud mot taretråling. Vi er enige i denne vurderingen. Likeså er vi med bakgrunn i Statsforvaltarens fremkomne vurderingselement som omfatter blant annet størrelse, modellerte tareskogforekomster, variasjon i tareskogforekomstene og andre naturtyper, samt ønske om å fange opp ulike dybdegradienter, enige i at vårt tidligere forslag til soner med forbud mot taretråling ved Langholmen og Molnes forkastes. Vi er imidlertid undrende til at vårt forslag om en utvidet forbudssone i tilknytning til Erkna naturreservat og det eksisterende referanseområdet der ikke er ytterligere vurdert med tanke på muligheten til å øke størrelsen sett i lys av modellert tarebiomasse og andre sentrale vurderingselement i området. Dette området kunne vært økt betydelig i størrelse ved å utvide det mot nordøst,



sørøst, sør og vest, og ville dermed kunne inkludere mer modellert tarebiomasse og i større grad oppnå målsettingen om å sette av større tareskogareal uten taretråling.

I høringsforslaget til marin verneplan har Statsforvaltaren lagt fram to alternative forslag til sone med forbud mot taretråling.

Alternativ 1 tar utgangspunkt i fylkesregional arbeidsgruppe for revidering av forskrift om regulering av høsting av tare i Møre og Romsdal fylke sin tilråding til sone uten taretråling i 2014, samt Akvaplan-niva sitt forslag om tilsvarende sone sør for en linje trukket nord for Erkna naturreservat og Synesvågen naturreservat. Arealet utgjør cirka 52 km<sup>2</sup>. Av dette er det modellert rundt 38 km<sup>2</sup> tareskog. Men ikke alt er tareskog da modellert tareskog overlapper med store areal modellert skjellsand og bløtbunn. Statsforvaltaren anbefaler å etablere denne sonen utenfor Giskerevet, begrunnet med at dette vil ha vesentlig større naturverdi siden det inkluderer tette tareskoger på Giskerevet, og dermed dekker opp tareskoger på det mest karakteristiske elementet innenfor Giske marine verneområde. Dette med konkret henvisning til at Giskerevet er særlig viktig for sjø- og våtmarksfugl. Videre at alternativ 2 ikke sikrer naturlig dynamikk i tareskogen ved Synesvågen naturreservat sammenliknet med alternativ 1.

Den foreslåtte sonen i alternativ 2 tar også utgangspunkt i ovenfornevnte fylkesregional arbeidsgruppe sin tilråding til sone uten taretråling, og i mindre grad Akvaplan-niva sitt forslag. Sonen vil dekke de mest typiske delene av de spesielle grunnområdene ved Giske, samt langstrakte dybdegradienter langs flere akser. Den har stor variasjon i ulike naturtyper, tareskogens biomasse, bunnsubstrat og dybdeforhold, og binder sammen verneområdene Giske, Erkna og Blindheimsvik. Arealet utgjør rundt 43 km<sup>2</sup>, hvorav rundt 33 km<sup>2</sup> er modellert tareskog. Av dette er ikke alt tareskog, da modellert tareskog overlapper med store areal modellert som skjellsand og bløtbunn. Hensikten med å avsette et større tareskogareal uten taretråling vil likevel oppfylles i svært stor grad. Likeså er alle vurderingselement som Statsforvaltaren har listet opp på side 34 i verneplanomtalen ivaretatt og godt oppfylt. Statsforvaltaren uttaler at alternativ 2 vil sikre naturlig dynamikk i begge Giske dyrelivsfredningsområder, samt i Erkna naturreservat, og ha noe lavere konfliktsnivå mot taretråling enn alternativ 1.

Ved valg av alternativ 1 for sone med tarehøsteforbud vil andelen av modellert tareskog innenfor Giske marine verneområde være 73%, og være noe større enn alternativ 2 med tilsvarende andel tareskog på 65%. Gjennomsnittlig andel høstet kvantum stortare innenfor alternativ 1 er 53% og innenfor alternativ 2 43%. Dersom alternativ 1 velges vil det legge større begrensning på muligheten til uttak av tare i området enn alternativ 2.

Men med bakgrunn i at det ikke har vært noe samarbeid mellom Statsforvaltaren og den nedsatte arbeidsgruppen etter at forslaget var hos Miljødirektoratet for en faglig gjennomgang før fremlegget om marint vern ble sendt ut på offentlig høring 20.08.2024, tillater vi oss å komme med et forslag til sone med forbud mot taretråling som vi mener også er representativ for de verneverdiene og naturforholdene som lå til grunn for at Giske er plukket ut som et område for marint vern av rådgivende utvalg.

Dette forslaget har også en størrelse som fanger opp variasjon, det fremstår som et større urørt typeområde og demonstrerer de samlede økosystemfunksjonene et større urørt område innehar. Forslaget er videre representativt for tareskogen i området både med tanke på tett og mindre tett tareskog, det fanger opp ulike dybdegradienter, og har variasjon i andre



naturtyper slik at overganger, randsoner og mosaikk blir representert. Videre omfatter forslaget hele Erkna naturreservat og eksisterende referanseområde med forbud mot taretråling, og det grenser opp til eksisterende verneområde ved Synesvågen naturreservat og Blindheimsvik dyrefredningsområde, samt innbefatter nordlige del av Giske dyrelivsfredningsområde. Forslaget medfører også redusert konfliktpotensial med taretrålnæringen, og ivaretar i svært stor grad verdien tareskog har for sjøfugl ved Erkna, og også delvis ved Raunen og Giskerevet.

Forslaget oppfylder dermed alle vurderingselement for sone med forbud mot taretråling som Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har lagt til grunn. Størrelsen på arealet utgjør cirka 39 km<sup>2</sup>. Etter vår vurdering er det også mer i tråd med de foreslåtte referanseområdene i oppstartmeldingen for verneplanarbeidet enn de to foreslåtte alternative sonene i høringen. Det dekker hoveddelen av de forslag Statsforvaltaren foreslo i oppstartmeldingen til områder som skulle utredes ved Giskerevet (Giske vestsida til Erkna, fortrinnsvis i den nordvestlige delen av strekningen) og Erkna naturreservat.


Vi mener at man bør følge anbefalingene fra Rådgivende utvalg i større grad. Spesielt med tanke på at det bare er deler av tareskogen innenfor hvert av de prioriterte referanseområdene som foreslås som taretrålfrie referanseområder og at for å redusere den totale belastningen på næringen, bør utvelgelse av taretrålfrie referanseområder i marin verneplan i størst mulig grad samordnes med områder som allerede er stengt eller foreslått stengt gjennom andre prosesser enn marin verneplan.

Vårt nye forslag vil sikre naturlig dynamikk i Erkna naturreservat, i hoveddelen av Blindheimsvik dyrefredningsområde, samt i deler av begge Giske dyrelivsfredningsområder. Det vil videre ha betydelig mindre konfliktnivå mot taretråling enn begge foreslåtte alternativ 1 og 2.

